



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2010

Hovudutval for plan og næring



Hovudutval for plan og næring legg med dette fram årsmelding for 2010.

Årsmeldinga er utarbeidd av Næringsavdelinga og Plan- og samfunnsavdelinga. Det er innhenta material fra Innovasjon Norge, dette ligg som vedlegg i dokumentet.

Hermansverk, april 2011



Hovudutval for plan og næring (HPN)

Kjartan Longva, Ap, leiar
Jorunn Eide Kirketeig, Ap
Aud Kari Steinsland, Ap
Jarle Skartun, Sp, nestleiar
Jenny Følling, Sp
Mathias Råheim, H
Svein Hansen, Frp
Klaus Iversen, V
Heidi-Kathrin Osland, SV

Jan Heggheim, fylkesdirektør for næring
Svein Arne Skuggen Hoff, fylkesdirektør for plan og samfunn

Innhold:

POLITISK STYRING.....	3
ADMINISTRASJON	4
NÆRINGSAVDELINGA.....	4
PLAN- OG SAMFUNNSAVDELINGA	4
PLAN OG NÆRING - ARBEIDSOMRÅDE FOR SEKTOREN.....	5
ØKONOMI	5
SENTRALE SAKER I 2010 – OPPSUMMERING.....	5
FYLKESPLAN OG PROGRAMARBEID.....	6
FYLKESPLANMELDINGA	6
OPPFØLGING AV FYLKESPLANMELDINGA	6
FYLKESDELPLANARBEID	7
OPPFØLGING AV FYLKESPLANEN - FYLKESPLANPROGRAMMA	7
PROGRAM FORNYING AV OFFENTLEG SEKTOR OG IKT	7
PROGRAM OPPLEVINGSNÆRINGAR	8
PROGRAM HAVBRUK OG FISKERI	9
PROGRAM ENTREPRENØRSKAP OG NYSKAPING	10
PROGRAM FOLKEHELSE OG LIVSUTFALDING	11
PLAN- OG SAMFUNNSUTVIKLING.....	11
KOMMUNANE ER VIKTIGE SAMARBEIDSPARTAR.....	11
TETTSTADUTVIKLING	12
STRANDSONEANALYSE	12
LOKAL UTVIKLING I KOMMUNANE - LUK	12
BULYST	12
INTERNASJONALT ARBEID	13
FRILUFTSLIV, VILT OG FISK	13
VASSKRAFTSAKER, KRAFTLINJESAKER OG VINDKRAFTSAKER.....	14
VASSFORVALTNING	14
"NATURARVEN SOM VERDISKAPER"	14
VERKTY I PLANLEGGING - GIS.....	15
NÆRINGSUTVIKLING.....	16
KOMMUNAL NÆRINGSUTVIKLING	16
OMSTILLINGSARBEID	16
INU – FSF	16
NÆRINGSBAROMETERET 2010	17
REKRUTTERING OG BUSETING	17
BEDRIFTSRETTA STØTTE GJENNOM INNOVASJON NORGE	17
INNOVASJON, FORSKING OG UTVIKLING	18
REISELIV.....	18
HAVBRUK OG FISKERI.....	19
OFFSHORE.....	19
FORNYBAR ENERGI.....	19
LANDBRUK.....	19
NÆRINGSHAGANE.....	20
FOLKEHELSE, LIVSUTFALDING, MILJØ OG UNIVERSELL UTFORMING.....	20
KLIMA OG MILJØ.....	20
KUNNSKAP KRYSSAR GRENSER.....	21
SPESIELLE FYLKESTINGSAKER 2010	21



Politisk styring

Hovudutval for plan og næring (HPN) er fylkeskommunen sitt hovudutval for plan- og næringssaker.

Hovudutval for plan og næring 2007 - 2011	
Representantar	Vararepresentantar
Kjartan Longva, Ap, leiar	Arve Helle, Ap
Jorunn Eide Kirketeig, Ap	Aud Wesenstund Ødejord, Ap
Aud Kari Steinsland, Ap	Atle Reidar Sandnes, Ap
	Liv Bulling, Ap
	Håkon Myrvang, Ap
Jarle Skartun, Sp, nestleiar	Asgeir Olav Solheim, Sp
Jenny Følling, Sp	Per Kjøllesdal, Sp
	Bjørg Bergheim, Sp
	May Britt Martinsen, Sp
Mathias Råheim, H	Oddveig Birkeland, H
	Olin Johanne Henden, H
	Rolf Domstein, H
Svein Hansen, Frp	Norvald Hovland, Frp
	Kari Lie, Frp
	Marit Ragnhild Swensen, Frp
Klaus Iversen, V	Svenn Øvrebo, V
	Anne von der Vlugt Erstad, V
	Eva Marry Ramstad, V
Heidi-Kathrin Osland, SV	Hilde Kvamsås Aa, SV
	Isak Berle, SV
	Leif Longvanes, SV



Administrasjon

Næringsavdelinga

Næringsavdelinga samordnar Sogn og Fjordane fylkeskommune sin innsats innan fagfeltet næringsutvikling. Avdelinga har ei aktiv rolle som fagleg premissleverandør i utforminga av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin politikk og satsing på næringsutvikling, og fungerer som ein ressursbase for utøving av vedteken politikk.

Heggheim, Jan	Fylkesdirektør (f.o.m. 15.02.10)
Høgalmen, Endre	Ass. fylkesdirektør
Arnestad, Kristin	Rådgjevar
Aune, Elisabeth	Seniorrådgjevar (f.o.m. 09.08.10)
Bjerkeset, Karoline	Rådgjevar
Bringebøen, Lisbeth	Trainee (f.o.m. 09.08.10)
Hovland, Frode	Seniorrådgjevar, marin forvaltning
Hustveit, Lars	Fagkoordinator
Johnsen, Arne Monrad	Seniorrådgjevar, regional FoU, innovasjon og utvikling
Lille-Homb, Kai	Rådgjevar (40%)
Lundteigen, Tor Einar	Rådgjevar
Nervik, Lisbeth	Rådgjevar, marin næringsutvikling
Sønsthagen, Bente	Rådgjevar (til 01.09.10)
Schaathun, Audhild	Seniorrådgjevar, næringsutvikling (50%)
Sunde, Audun Erik	Seniorrådgjevar, olje/gass/energi
Søderholm, Lena	Fagkoordinator, marin
Vattekar, Stig	Rådgjevar

Plan- og samfunnsavdelinga

Plan og samfunnsavdelinga har eit hovudsvar for fylkeskommunen sitt arbeid med planlegging etter plan og bygningslova, inkludert samarbeid med og rettleiing av kommunane i deira planleggingsoppgåver. Avdelinga har og ansvar for folkehelse, klima, vassressursforvaltning, friluftsliv og jakt/innlandsfiske.

Avdelinga skal delta i å sette dagsorden i aktuelle saker knytt til samfunnsutviklinga lokalt og regionalt. Avdelinga har kompetanse på bruk av geografiske informasjonssystem. Avdelinga har eit ansvar for at sektorovergripande oppgåver får ei tverrfagleg vurdering i fylkeskommunen.

Skuggen Hoff, Svein Arne	Fylkesdirektør (f.o.m. 01.02.10)
Bjørnsen, Emma	Seniorrådgjevar, folkehelse
Farsund, Merete	Seniorrådgjevar vassforvaltning (f.o.m. 27.08.10, 80%)
Fossberg, Solfrid	Seniorrådgjevar, universell utforming
Hasund, Torbjørn	Rådgjevar, plan og bygningslova (f.o.m. 31.05.10)
Helgheim, Joar	Rådgjevar, friluftsliv, fisk og vilt (til 01.05.10)
Helseth, Elisabeth Veivåg	Rådgjevar, klima og miljø
Kristoffersen, Jo Tore	Rådgjevar, GIS og analyse
Lyngås, Geir	Seniorrådgjevar, LUK, Bulyst
Norman, Anne-Lene	Seniorrådgjevar, folkehelse (f.o.m. 16.09.10)
Sagen, Idar	Seniorrådgjevar, energi og ressurs (80%)
Steinsland, Mona	Arkitekt, tettstadformning (80%)
Sundby, Trond	Fagkoordinator



Plan og næring - arbeidsområde for sektoren

2010 var det fyrste året der plan- og samfunn, næring-, og samferdsle ikkje lenger var temaområde under regionalavdelinga, men tre separate avdelingar. Dei to fyrstnemnde avdelingane høyrer inn under hovudutval for plan og næring.

Plan- og samfunnsavdelinga deltek i arbeidet med å løyse planleggingsoppgåver etter plan- og bygningslova i samarbeid med kommunale, regionale og statlege organ. Plan- og samfunnsavdelinga er aktive i fylkeskommunen sitt arbeid for å sette dagsorden i aktuelle saker knytt til samfunnsutvikling lokalt og regionalt, og har ansvar for å samordne fylkesplanarbeidet (fylkesplan og andre regionale planar). Avdelinga har og koordinatorrolla for folkehelsearbeidet til fylkeskommunen, rettleiingsansvar i høve kommunane når det gjeld planlegging etter plan og bygningslova, klima, LA 21, friluftsliv og jakt/fiske. I tillegg ligg fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar og koordinatoransvar knytt til vassdragssaker, vassressursforvaltninga. Avdelinga har og ansvar for utvikling av fylkeskommunen sin politikk på områda internasjonalt arbeid, ungdom og innvandring. Avdelinga har også fått eit viktig samordningsoppdrag på tvers av avdelingane for å bidra til at fylkeskommunen står fram mest mogleg heilsakleg i høve partnarskapen.

Næringsavdelinga gir fylkespolitikarane eit godt fagleg grunnlag for å utforme næringspolitikken i fylket. Næringsavdelinga har som si overordna oppgåve å legge til rette for næringsutvikling i heile fylket, noko som er ein viktig del av fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør. Gjennom partnarskap med ei lang rekke aktørar i fylket, er næringsavdelinga med på å gjere det mogleg å skape nye arbeidsplassar og nye næringar, samstundes som også eksisterande næringar skal verte vidareutvikla. Næringsavdelinga samarbeider tett med kommunane i fylket og Innovasjon Norge for at næringsliv og etablerarar skal lukkast. Den faglege innsatsen frå næringsavdelinga har særskilt vore på hovudsatsingsområda energi, entreprenørskap, forsking og utvikling, kommunal næringsutvikling, landbruk, marin og reiseliv i 2010.

Økonomi

I 2010 hadde plan og næring eit samla budsjettpå 123 mill. kr. Størstedelen av midlane går til nærings- og utviklingstiltak. Større tiltak i 2010 var mellom anna:

- Bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge 46 mill. kr (+ 1,0 mill.).
- Omstillingssarbeid i kommunar 9,3 mill. kr (+1,6 mill.).
- Kommunale næringsfond 14,55 mill. kr (+2,15 mill.).
- Støtte til regionråda 2,2 mill. kr (inga endring).
- Reiselivssatsing 6,95 mill. kr (+0,8 mill.).
- Tettstadutvikling 5,6 mill. kr (+0,5 mill.).
- Utviklingsmidlar til disposisjon for vidaregående opplæring 3,5 mill. kr (inga endring).
- Satsing gjennom fylkesplanprogramma 13,15 mill. kr (auke på folkehelse som skuldast forvaltningsreforma, elles mindre endringar).

Hovudutval for plan og næring gav også stiftinga INU-FSF i oppdrag å forvalte 34,6 mill. kr i kompensasjonsmidlar for differensiert arbeidsgjeveravgift frå Kommunal- og regionaldepartementet. Midlane skal primært nyttast i kommunane Flora, Sogndal og Førde.

Fylkeskommunen har i 2010 tildelt 8,2 mill. kr til kommunane til utbygging av breiband og mobildekning. Av dette vart 5,3 mill. kr. fordelt til prosjekt som skal gje raskt breiband (fiber) primært for næringslivet, medan 2,4 mill. kr. gikk til utbygging og utbetring av mobildekninga i fylket. Resterande sum gjekk til administrasjon gjennom vestlandsforskning og regionråda. Det er no ei brebandsdekning på vel 98% i fylket.

Sentrale saker i 2010 – oppsummering

Fylkestinget handsama i sak 25/10 fylkesplanmeldinga, og gjorde vedtak om forlenging av verketida til noverande fylkesplan til ut 2012. Fylkestinget vedtok samstundes at programma ”Havbruk og fiske” og ”Opplevingsnæringer” vart avslutta pr. 31.12.10.

Fylkesutvalet (FU) ga fråsegn til reguleringsplan med konsekvensutbygging for gruve drift i Engebøfjellet i Naustdal. Fylkesrådmannen fekk i oppdrag å forhandle om utbyggingsavtale med Nordic Mining for konstnadsdekking av naudsynt utbetring av fv 611. Framlegg til avtale skal godkjennast av FU/FT i 2011.

Fylkestinget vedtok i sak 34/10 Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010 – 2025 som skal legge grunnlaget for ei systematisk satsing på



reiselivet. Vidare fekk IN ei rekordhøg løyving til satsing på bedriftsretta tiltak i fylket.

Fylkeskommunen har tatt sitt nye ansvar på landbruksfeltet og har nytta dei høva vi har til å

løfte denne næringa. Sist i 2010 tok ein større grep innan kommunal næringsutvikling å sette i gong prosjektet ”Kommunal næringsutvikling” som skal setje kommunane endå betre i stand til å drive næringsutvikling.

Fylkesplan og programarbeid

Fylkesplanmeldinga

I den gamle plan- og bygningslova stod det at Fylkestinget minst ein gong kvart anna år bør vurdere føresetnader og gjennomføre eventuelle endringar av fylkesplanen. Det var ikkje noko absolutt krav om revisjon. Sist dette vart gjort var i 2002; halvvegs i førre fylkesplanperiode og då gjennom ei eiga fylkesplanmelding.

Noverande fylkesplan blei vedtatt for perioden 2005-2008. I 2008 blei det vedteke og forlenge denne til 31.12.10. I same sak blei det lagt eit lop for utarbeiding av ny fylkesplan. På grunn av manglande kapasitet i administrasjonen og ny planlov som var på gang med nye føringer har dette ikkje vorte følgt opp.

I ny planlov er det lagt inn krav om utarbeiding av regional planstrategi som gir nye føringer for planarbeidet. Denne strategien skal vedtakast innan eitt år etter at det nye Fylkestinget blir konstituert. Fylkesplanmeldinga freista å gjere opp status og meisle ut vegen vidare.

Fylkesplanmeldinga vart handsama av fylkestinget i sak 25/10, med følgjande vedtak:

1. Fylkestinget tek fylkesplanmeldinga 2010 til vitande.
2. Verketida for noverande fylkesplan blir ytterlegare forlenga ut 2012.
3. Fylkesplanprogramma ”Havbruk og fiske” og ”Opplevingsnæringer” vert avslutta pr. 31.12.10.
4. I siste del av den forlenga fylkesplanperioden bør i tillegg følgjande vektleggast:

- Heilskapleg og koordinert tilnærming gjennom innovasjon, samhandling og omstilling.
- Sterkare fokus på bu og leve, folkehelse samt kople organisasjonslivet tettare på oppfølginga av fylkesplanen
- Kommunane skal vere ein sentral arena for oppfølging/lokal samfunnsutvikling.
- Sterkare satsing på senterutvikling for mellom anna å sikre god tilgang til arbeidsplassar som krev høgre utdanning.
- Sterkare satsing på arbeidsplassar som krev høgre utdanning.

- Utvikling av regional politikk for innvandring.

- Tyngre økonomisk oppfølging av klimaplanen.

- Utvikle kunnskap om samfunnsutviklinga i fylket og setje dagsorden for samfunnsdebatten.

5. Arbeidet med regional planstrategi vert sett i verk slik:

- Analyse- og utfordringsfase med utarbeiding av ”Samfunnspegl” slik det er gjort greie for i fylkesplanmeldinga.
- Lage ein oversikt og samanlikning over tiltak som fylkeskommunen driv, eventuelt driv i partnarskap med andre.
- Mål- og strategifase våren 2011 med ei første handsaming i fylkestinget juni 2011.
- Nytt fylkesting vedtek Regional planstrategi desember 2011/vår 2012.
- Eventuelle regionale planar med handlingsprogram blir behandla i løpet av 2012.

Oppfølging av fylkesplanmeldinga

Det er ei stor utfordring å koordinere innsatsen innanfor ei breidde av tiltak. Arbeidet har vorte gjennomført av fylkesplanteamet som er etablert som eit samhandlingsforsa for strategisk plan- og utviklingsarbeid. Arbeidet i teamet har vore konsentrert om utvikling av statistikk og analyser som kan gje grunnlag for satsingar innanfor prioriterte utviklingsområde.

I tillegg er også Fylkesspegl Sogn og Fjordane etablert som ein felles nettstad for kontinuerleg statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket. Fylkesspegen er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, NAV Sogn og Fjordane og fylkeskommunen. Fylkesspegen skal både konsentrere seg om regionale problemstillingar, men også legge til rette for analyser av bu og levekår og utfordringar som kommunane møter. Mykje av statistikken er difor på kommunenivå.



Fylkesdelplanarbeid

Ved årsskiftet 2007/2008 vart det starta opp arbeid med ein regional plan for vindkraft og ein regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Begge planprosessane var tenkt gjennomført over ein toårsperiode med planlagt vedtak i fylkestinget i desember 2009. Iverksetjinga av ei omfattande landskapsanalyse med tanke på vindkraft-problematikk langs kysten av fylket førte til at det kom inn mange og svært omfattande merknader til begge planutkasta ved høyningsrundar hausten 2010. Prosjektleiar for planprosessane gikk over i ny stilling frå 01.05.10, noko som også bidrog til endring av tidspunktet for sluttføring, og som no er sett til våren 2011.

Fylkeskommunen har hatt rolla som sekretariat og har gjort mykje av sjølve planarbeidet. Fylkesmannen sine avdelingar for miljøvern og landbruk, NVE region Vest og NVE sentralt har gitt viktige bidrag. I prosjektgrupper har det i tillegg delteke representantar for kommunar og regionråd. Hausten 2010 vart samarbeidet med ein regional plan for vassforvaltning starta opp (sjå eige avsnitt).

Oppfølging av Fylkesplanen - fylkesplanprogramma

Oppfølginga av tiltaksporbeføljen i fylkesplanen er i fylkeskommunen sett i system gjennom koplinga til budsjettet. Utviklingsarbeidet knytt til strategiane i fylkesplanen har aldri før vore kopla så tett opp til den fylkeskommunale verksemda som i denne planperioden. Den samla gjennomgangen syner at det har vore ei brei mobilisering omkring dei ulike utviklingstiltaka. Det har vore ei mobilisering nedanfrå ved at ein har fått til ei breiare deltaking i den fylkeskommunale organisasjonen (institusjonsnivået). Det er også eit klårt inntrykk av at partnarskapen på ulike nivå har vorte mobilisert i større grad og då særleg kommunane. ”Vegen vidare...” la opp til ein reduksjon av tal satsingsområde og ein såg vidare føre seg ein mindre tiltaksporbefølje og større satsingar.

Bruk av partnarskap er framleis eit viktig verkty for gjennomføring av fylkesplanen og alle fem fylkesplanprogram har vore vidareført i 2010 slik:

Fornying av offentleg sektor og IKT 2,8 mill. kr.
Opplevingsnæringer 1,7 mill. kr
Havbruk og fiskeri 2,4 mill. kr
Entreprenørskap og nyskaping 1,7 mill. kr
Folkehelse og livsutfaldning 4,55 mill. kr

Gjennom handsaming av Fylkesplanmeldinga vart det vedteke å avvikle fylkesplanprogramma Opplevingsnæringer og Havbruk og fiskeri frå 2011.

Program Fornying av offentleg sektor og IKT

Deltaking

Anne Karin Hamre, (leiar, fylkesmannen), Svein-Ottar Sandal (fylkespolitikar), Olav Lunden (KS), Ole John Østenstad (rådmannsutvalet), Kåre Træen (sekretær frå fylkesmannen), Harald Offerdal (sekretær frå fylkeskommunen). Frå november 2010 overtok Jo Tore Kristoffersen rolla som Harald Offerdal hadde.

Mål og satsingar

Dei overordna måla som ligg til grunn for programstyret sitt arbeid er forankra i fylkesplanen sin handlingsplan *Folkestyre, medverknad og offentleg verksemد*:

- Styrke folkestyre, medverknad og fornying av offentleg sektor.
- Utvikle ein robust offentleg sektor som utnyttar ressursane effektivt, kommuniserer godt med innbyggjarane og produserer tenester med høg kvalitet for innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor.

Programstyret ventar at resultatet av utviklingsarbeidet vil bety samordna ressursbruk i arbeidet med fornying av offentleg sektor i fylket. Det skal etablerast nettverk og arenaer for erfaringsutveksling og læring i sektoren. Programstyret ønskjer å etablere fylket som leiande i bruk av IKT som verktøy for effektivisering, brukardialog og tenesteutvikling i offentleg sektor.

Programmet for Fornying av offentleg sektor og IKT er etablert for å følge opp denne satsinga. Programmet skal vere ein arena for koordinering og samarbeid mellom nært slekta utviklingsarbeid.

Aktivitet

For 2010 sette Fylkesmannen av 5,5 mill. kr av skjønnsmidlane til fornying av offentleg sektor. Fylkeskommunen løvvde 2,8 mill. kr. til programstyret i 2010.



Årsmelding 2010

Midlane frå fylkeskommunen vart brukt slik:

Prosjekt	Tilskot (kr)
Interkommunal plan for Fensfjorden	75 000
Interkommunalt planarbeid i SIS	500 000
Kvalitet i HAFS - regionalt samarbeid om skule- og barnehageutvikling	250 000
Sats på skulen - snu Sogn, med vidareutvikling av barnehage og entreprenørskap. Eit regionalt samarbeid om barnehage-, skule- og samfunnsutvikling i Sogn.	251 500
Samhandling innan helse og omsorg i SIS- og Hafsregionane, samt kommunane Balestrand, Bremanger og Høyanger (Samhandlingsreforma)	400 000
Kunnskap kryssar grenser - Fjaler kommune	100 000
"Mot eit multikulturelt fellesskap i Sogn og Fjordane".	500 000
Sum	2,1 mill.

Resultat

Programmet har bidrige til fornying, samarbeid, erfarsingsutveksling og effektivisering for kommunane i fylket. Ei samla utvikling som truleg ikkje i same grad hadde funne stad utan eit godt organisiert og gjennomført programarbeid. KS Sogn og Fjordane har gjeve tilbakemelding om at programmet har bidrige til å gjennomføre prosjekt som kommunane elles ikkje hadde hatt ressursar til.

Program Opplevingsnæringer

Deltaking

Harry Mowatt (leiar, fylkespolitikar), Lars Grøteide (fylkeskommunen) Christian Rekkedal (Fylkesmannen), Olav Ellingsen (Sogn Regionråd), Åsne Folstad (Innovasjon Norge), Marit Hjortung (Reisemål Sunnfjord). Sekretærar for programstyret var: Arne Monrad Johnsen (fylkeskommunen, (hovudansvar)) og Bjørn Harald Haugsvær (Fylkesmannen).

Mål og satsingar

Programmet har hatt to hovudmål for perioden:

- Auka verdiskaping for bedrifter og meir attraktive lokalsamfunn gjennom satsing på opplevingsnæringer.
- Fleire nye bedrifter som tilbyr opplevingar på kommersiell basis.

Programstyret har for perioden spissa satsinga mot mat, kultur og natur.

Aktivitet

Programstyret sin strategi er å oppnå målsetjingane gjennom arbeidsdeling, samordning og utlysing av midlar.

Programstyret liste ut midlar til ulike prosjekt. Satsingsområda var:

- Festivalar, arrangement og kulturformidling
- Kompetansehevande tiltak
- Marknadstiltak, produktutvikling og pakking
- Infrastruktur, møteplassar og nettverk

Programstyret utarbeidde retningslinjer for søknader og rapportering. Av 44 søknader, fekk 23 prosjekt tilskot i 2010.

Prosjekt	Tilskot (kr)
Brak (interesseorganisasjon for musikk)	200 000
Fjellsportfestivalen	200 000
Nye kystopplevelingar i Gulen	110 000
Nordfjord Oppleveling	100 000
Åmot gardsopera - sesongen 2010	100 000
FjordKysten på første klick (Inkl. "Vi får det til" og "Oppleveling i Bremanger")	100 000
Kjenn Fjordkysten	70 000
Vikingfjorden	70 000
Luftkampmuseet	65 000
FYR i Nordfjord	50 000
Harpefossen Event	50 000
High Camp Turtagrø	50 000
Interpretasjon Indre Nordfjord	50 000
Klatreopplevelingar i Sogn og Fjordane	50 000
Matopplevelingar i Luster	50 000
Ridesti over fossane	50 000
Sognamat før og no	50 000
Program Tru og Natur	50 000
Fjellfilmfestivalen	50 000
Felles infrastruktur for vekst i Fjærland	50 000
Ørretens Rike, fra fjell til fjord	45 000
Kaivertskap i Kaupanger	40 000
Vandredestinasjon Aurland og Lærdal (etter klage)	50 000
sum	1,7 mill.



Årsmelding 2010



Luftige sver i Hodlekrev, Sogndal, under Fjellsportfestivalen som fikk tildelt støtte gjennom program opplevingsnæringer. Foto: Fjellsportfestivalen.

Resultat

Program Opplevingsnæringer var inne i sitt siste år i 2010. Det er i perioden løyvd 8,75 mill. kr til 94 prosjekt, i tillegg til reiselivskonferansen. Nokre prosjekt har fått midlar fleire gonger. Programstyret forventar å få inn fleire gode sluttrapportar frå finansierte, men ikkje avslutta, prosjekt i tida framover. Fleire av prosjekta syner positive ringverkander. Spesielt Fjellsportfestivalen har gjennom media fått æra for auka søknad til skulane i Sogndal. Eitt av måla i programmet var meir attraktive lokalsamfunn, og slike resultat er døme på det. Rapportane frå dei 94 prosjekta vil gje fylkeskommunen og den regionale partnarskapen verdfull informasjon om statusen for dei såkalla opplevingsnæringerane i fylket, og vere eit godt grunnlag for nye satsingar seinare.

Program Havbruk og fiskeri

Deltaking

Samansetninga for programstyret Havbruk og fiskeri i 2010 har vore identisk med gruppa frå 2008 og 2009. Programstyret Havbruk og fiskeri var leia av Mathias Råheim (fylkespolitikar), og hadde følgjande deltakarar: Elin Tveit Sveen (repr. næringa - havbrukssektoren), Rolf Domstein (repr. næringa - fiskeindustri), Geir Magne Røys (repr. næring – fiskeri), Ørjan Forthun (repr. for kommunane (Nordfjordrådet)), Kari Morvik (Fiskeridirektoratet region Vest), Egil Henning Ytøy (IN, sekretær) og Lena Søderholm (fylkeskommunen, sekretær med hovudansvar).

Mål og satsingar

Fylkesdelsplanen sin handlingsdel omhandlar utviklingstiltak og tilretteleggjande arbeid innan havbruk- og fiskerinæringa. Hovudmålsetjinga er å auke verdiskapinga innan marine næringar i fylket. Iverksetting av tiltak i handlingsdelen er retta mot fire handlingsområde.

Delmål:

- Nye marine artar i oppdrett.
- Styrke dei fiskeriavhengige lokalsamfunna.
- Stimulere arbeidet med rekruttering til dei marine næringane.
- Sikre fiskeri- og havbruksnæringa areal til framtidig utvikling.

Endring frå 2009 er delmålet ”Marine nettverk og møteplassar” som i 2010 har vore brukt som eitt verktøy for måloppnåing under dei fire andre delmåla, og ikkje som mål i seg sjølv.

Aktivitet

I 2010 var det sett av 2,4 mill. kr til programområdet havbruk og fiskeri. 1 mill. var øyremerra til oppfølging av Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar.

Følgjande prosjekt/tiltak er finansier gjennom program for Havbruk og Fiskeri i 2010.

Delmål 1 – Styrke fiskeriavhengige lokalsamfunn

Prosjekt/ Aktivitet	Tilskot (kr)
Smak av kysten II	600 000
BremLab	0
Nor-Fishing 2010	HPN sak 24/10 (346 700)



Sogn og Fjordane sin stand under Nor-Fishing 2010. Foto: Lena Søderholm/Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Delmål 2 – Rekruttering

Prosjekt/ aktivitet	Tilskot (kr)
Rekrutteringsleir 2010	200 000
Modulbasert utdanning for fiskarar	35 000
Kystkultur – Smørhamn	50 000
Rekruttering og formidling	20 000



Årsmelding 2010

Delmål 3 – Areal

Prosjekt/ aktivitet	Tilskot (kr)
Lusalaus	400 000
Forprosjekt Lokaliseing av akvakultur	256 000

Delmål 4 – Nye marine artar

Prosjekt/ aktivitet	Tilskot (kr)
Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar	1 000 000

Då 2010 var det avsluttande året i programperioden har det vore fokus på å trekke erfaringar og konklusjonar frå arbeidet som har vore gjennomført. Det har ikkje vore fokus på å setje i gong større endringar for å auke aktiviteten utover ordinær delfinansiering av utviklingsprosjekt.

Resultat

Ein effekt av organiseringa av programarbeidet er at utøvarar innan havbruk og fiskeri (næring og forvalting) har fått eit felles møtepunkt og arena til gjensidig orientering om aktuelle tema/saker.

Det synast og som om sokjar/eigar av prosjekta som er gjennomførde har implementert den nye kunnskapen dei har opparbeidd inn i produksjon, og at ein på dette settet har bidrege til auka/sikra verdiskaping hjå aktørane. Dette er basert på munnlege tilbakemeldingar frå næringa.

Program Entreprenørskap og nyskaping

Deltaking

Knut M. Olsen / Jarle Skartun (leiar, fylkespolitikar), Tor Einar Holvik Skinlo (fylkeskommunen), Kai Lille-Homb (fylkeskommunen), Geirmund Dvergsdal/Bjørn Harald Haugsvær (Fylkesmannen), Lill Mona Solberg (Fylkesmannen), Ivar Offerdal (Høgskulen i Sogn og Fjordane), Holger Aasen (NHO), Hjørdis Vik (Innovasjon Norge), Gerd Fløde Bjørlo (Eid kommune), Olav Grov (Luster kommune), Anne Mette Hjelle/Oddrun Midtbø (Ansvarleg redaktør, www.driftig.no), Åslaug Stadheim Ese (sekretær, Økonor Sogn).

Mål og satsinger

På grunn av forlenga planperiode valde programstyret for entreprenørskap og nyskaping i 2010 å setje i gong ein strategiprosess med mål om å revitalisere planen.

Handlingsplanen *Entreprenørskap i utdanninga 2009 – 2014* hadde fem målområde i 2010.

1. Større grad av samordning i kommunane si fyrstelineteneste.

2. Oppnå entreprenørskapshaldningar i utdanningsløpet.

3. Byggje merkevara driftig.no.

4. Godt samvirke mellom 1. og 2. linjetenesta.

5. Forankring i partnarskapen.

Etter handsaming i hovudutvalet vart planen konsentrert om målområde 2.



Driftig.no skal vere ein nyttig og lerande kommunikasjonsarena for gründere og tiltaksapparat

Aktivitet

Programstyret nyttar midlane frå fylkeskommunen og restmidlane frå 2009 slik:

Prosjekt/aktivitet	Tilskot (kr)
Ungt entreprenørskap 2010	800 000
Høgskulen i Sogn og Fjordane	370 000
Nordfjord – Stryn-Eid (ink. vg. opplæring)	100 000
Barnehage – studietur og vidareføring av prosjekt	100 000
Snu Sogn – leiaropplæring barnehage og grunnskule	100 000
HAFS prosjektet – (næringsreisa, inkl. vg. opplæring)	80 000
Internasjonalt arbeid (vg, camp Kalundborg, studietur Skottland)	100 000
Vg skule - fk	150 000
Møteverksemnd - programstyret	25 000
Sum	1 825 000

Resultat

Ungt entreprenørskap vart særskilt prioritert i 2010, og fokus er å få fleire ungdomsbedrifter på grunnskular, vidaregåande skular og på høgskulenivå.

Tilbakemeldingane frå fylkestinget i sak 25/10 om forlenga planperiode viste til at programstyret i hovudsak burde konsentrere innsatsen om målområde B Utdanning, og



Årsmelding 2010

utvikling og drift av portalen www.driftig.no. Dette har blitt følgt opp, noko som synes i dei prioriteringar og disponeringar programstyret har gjort.

Program Folkehelse og livsutfalding

Deltaking

Åshild Kjelsnes (leiar, fylkespolitikarar), Bjørg Eikum Tang (fylkesmannen), Kari Aaberge (Høgskulen), Janny S. Dvergsdal (Helse Førde) og Emma Bjørnsen (fylkeskommunen, sekretær og ansvar for gjennomføring).

Mål/satsingar

I desember 2009 vart ressursgruppene for fysisk aktivitet, ernæring og tobakk avslutta pga nye roller i folkehelsearbeidet for både fylkeskommunen og Fylkesmannen. Med dette vart ein viktig del av partnarskapen avvikla for ei tid. Målet var å etablere nye ressursgrupper i 2010, noko vi ikkje har kome i mål med. Dette vil bli gjort våren 2011.

Aktivitet

I tillegg til å bygge opp ein infrastruktur gjennom partnarskap med kommunar, regionale instansar og frivillige organisasjonar i fylket har Folkehelseprogrammet hatt aktivitet på fleire utvalde temaområde:

- Rusforebygging.
- Snus og tobakk.
- Fysisk aktivitet.
- Ernæring og kosthald.
- Skader og ulykker.
- Psykisk helse.
- Levande og inkluderande lokalsamfunn.
- Ny kunnskap.

Viktige deler av tiltaka på folkehelsefeltet skjer gjennom fylkesplanprogrammet. Aktiviteten skjer i samarbeid med mange og ulike aktørar i fylket, og er basert på lokale og regionale utfordringar og etter nasjonale satsingar som får regional og lokal tilpassing.

Programmet har godt samarbeid med frivillige organisasjonar på fylkesnivå. Det er også tett samarbeid med andre avdelingar i fylkeskommunen, og med vidaregåande skule og Fylkessenteret for musikkterapi.

I 2010 vart det ikkje teikna nye partnarskapsavtalar, så partnarskapen består framleis av 21 kommunar og 2 frivillige organisasjonar. Det vart avvikla 3 samlingar for folkehelsekoordinatorane.

Programstyret for folkehelse og livsutfalding fekk 4,55 mill kr frå fylkeskommunen i 2010.

Midlane fylkeskommunen har fått frå staten til folkehelse frå 2004 vart lagt inn i rammeoverføringa til fylkeskommunen frå 2010 fordi folkehelse no er eit lovpålagt område gjennom folkehelselova som gjeld frå 01.01.2010. Fylkeskommunen auka difor si løvning til programmet med 2,35 mill. kr frå 2009 til 2010.



Danseverkstadetablering Sogn og Fjordane er eit viktig tiltak i folkehelseprogrammet. Satsinga er retta mot barn og unge, vert gjennomført etter ung-til-ung formidling, og omfattar 14 kommunar. Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Plan- og samfunnsutvikling

Fylkeskommunen rettleiar og samarbeider med kommunane i planverksemd etter plan- og bygningslova. Fylkesplanen og fylkesdelplanar er retningsgjevande for kommunane i deira plan og utviklingsarbeid.

Kommunane er viktige samarbeidspartar

Plan- og samfunnsavdelinga (PSA) skal delta i å sette dagsorden i aktuelle saker knytt til samfunnsutviklinga lokalt og regionalt. Avdelinga har eit ansvar for at sektorovergripande oppgåver får ei tverrfagleg vurdering i fylkeskommunen.



Årsmelding 2010

I samband med ny plan- og bygningslov, vart det også i 2010 gjennomført eit 2-3 dagars planseminar med deltaking frå dei fleste kommunane og nokre konsulentfirma. 184 kommune/kommunedelplanar og reguleringsplanar har vore på høyring. PSA handsama 100 av desse. Fylkeskommunen leiar Planforum som er eit forum for kommunane og dei regionale aktørane innan arealplanlegging.

Målet er:

- Auka samarbeid for betre arealplanlegging i samsvar med nasjonale og regionale mål og utfordringar.
- Redusere/loyse konflikt i arealplansaker

I 2010 vart det avvikla 5 møte i Planforum. Motsegn til kommunale planar gjaldt i hovudsak arealbruk i konflikt med strandvern, vassdragsvern, naturmangfold og manglande/mangelfull ROS - analyse. I motsegnssak fremja av fiskeridirektoratet vart ikkje løyst og i samsvar med reglane vidaresendt til miljøverndepartementet for avgjerd:

Tettstadutvikling

Tettstadutvikling gjennom tettstadforming er ei viktig satsing i fylkesplanen innanfor næringsutvikling, folkehelse, kultur, og læring. Fortetting med kvalitet skal bidra til å skape trygge og gode miljø og gjøre offentlege bygningar og uterom meir tilgjengeleg for alle. 5,6 mill. kr vart løyvt til tettstadprosjekt i kommunane: Leikanger, Vik, Flora, Aurland, Fjaler og Sogndal (Mundal i Fjærland).

Strandsoneanalyse

Målsettinga med tilskotsordninga for strandsoneanalyse er å stimulere kommunane til å kvalitetssikre planlegginga i strandsona utanfor sentrumsområda. Gulen, Solund og Naustdal fekk tildelt midlar i 2010.

Lokal utvikling i kommunane - LUK

Sogn og Fjordane er teke opp i KRD sin nye LUK-satsing. Satsinga skal betre fylkeskommunen sin kapasitet og kompetanse i å styrke kommunane som utviklingsaktørar og deira kontinuerlege arbeid med å bygge opp attraktive lokalsamfunn. Private initiativ skal vere godt integrert i utviklingsarbeidet.

I Sogn og Fjordane legg vi opp til ein innsats for metodeutvikling, med stor vekt på forankring av lokal samfunnsutvikling i overordna kommunale planar. LUK vert sett inn i samanheng med

andre satsingar, prosjekt og arbeid som blant anna Bulyst, Prosjekt gjennomføringsevne, Kommunal næringsutvikling, Kommunekanalen, Fylkesspegelen med analyse og utfordringsdokumentet. I tillegg vil vi kople LUK-satsinga til ulike kommunale prosjekt for å saman med distriktsenteret hente ut metodekunnskap til overføring og læring.

Bulyst

KRD si Bulyst satsing har som føremål og legge til rette for auka bulyst og meir attraktive lokalsamfunn. Fylkeskommune ønskjer å sjå satsinga på Bulyst i samanheng med mellom anna satsing på LUK og oppfølging av framlegga fra "Tenketanken". Det er lagt særleg vekt på at prosjekta er godt forankra, og at dei er nyskapande og har overføringsverdi. Det kom inn til saman 36 søknader, og ni av desse blei prioritert. KRD tok opp desse tre i satsinga:

- Vårt akademi for Kultur og Næring – VAKN (hovudprosjekt).
- Fjaler kommune som arena for internasjonal kunst og kultur – PreForm (forprosjekt).
- TUN+ i Sogndal og Solund (forprosjekt og hovudprosjekt).

Prosjekta vart finansiert i ulike kombinasjonar av lokal, regional og nasjonal tilsegn. I tillegg til desse, vart også forprosjektet "Design Stryn" søkt direkte til KRD og teke opp i satsinga gjennom dei.

Tenketanken

Fylkestinget vedtok i juni 2008 ei rekke tiltak som skulle følgjast opp etter arbeidet som vart gjort av "Tenketanken". I 2010 er det sett i verk fylgjande tiltak:

- Fleire rimelege og attraktive bustader for ungdom og tilflyttarar.
- Fleire gardar og bustader lagt ut for fritt sal.

Det fyrste tiltaket vart starta opp som ei pilotsatsing i Solund. I tillegg har denne målsettinga vorte integrert i bulystsatsinga. Det andre tiltaket vart sett i gong som to pilotsatsingar *Lys og varme i alle hus* i Hyllestad kommune og *folk i fleire hus* i Luster kommune. Fylkeskommunen har bidrege i planlegging, finansiering og deltaking i prosjekta.

Integrering av innvandrarar har også vore eit tema i Tenketanken. Dette har i 2010 vorte følgt opp gjennom deltaking i prosjekta "Globale future" og "mot eit multikulturelt fellesskap i Sogn og Fjordane". Det er også sett i verk ein



Årsmelding 2010

intern prosess med integrering av innvandrarperspektivet i planprosessane. Tenketanksatsinga er sektorovergripande og fleire andre tiltak er følgt opp og vidareført på andre avdelingar.

Internasjonalt arbeid

Fylkestinget vedtok i 2007 ein Internasjonal strategi for 2008 – 2009. Denne har lagt fôringar for fylkeskommunen si rolle og prioriteringar innan det internasjonale arbeidet. I 2010 vart arbeidet med å revidere planen og etablere ein ny plattform sett i gang. Planarbeidet vil bli vidareført og avslutta i 2011.

Vestlandsrådet si internasjonale gruppe er viktig for Sogn og Fjordane. Regionane i Europa gjennomfører i aukande grad utviklingsoppgåver saman på tvers av landegrenser gjennom europeiske program. Vestlandsrådet er aktiv i dette arbeidet. Ved å samordne engasjementet vil Vestlandet ha større tyngde i høve resten av Europa. Vestlandet vil også framstå som meir interessant samarbeidspartner ved å stå samla. Særleg er det viktig å arbeide saman knytt til dei store felles utfordringane i Nordsjoområdet.

Euromontana er ein internasjonal interesseorganisasjon for fjellregionane i Europa. Frå Noreg er følgjande medlemmar: Regionrådet for Fjellregionen, Hedmark-, Oppland-, Sogn og Fjordane-, Telemark- og Buskerud fylkeskommune. Organisasjonen arbeider for samarbeid mellom og utvikling i Europas fjellregionar, og arrangerer årleg ein konferanse i samband med dette arbeidet. Eit viktig bakteppe for Euromontana har vore å utvikle fellesskap innan Europeiske Fjellregionar til å bli ein politisk maktfaktor i Europeisk regionalpolitikk og korleis påverke internasjonale, nasjonale og lokale styresmakter. Fjellregionpolitikk er og eit viktig tema i EU sin regionalpolitikk. Frå Sogn og Fjordane er Euromonta ein viktig politisk arena.

Fylkeskommunen er medlem av *CPMR (Nordsjøkommisjonen)* saman med alle fylka på Vestlandet samt dei fleste i Noreg. Deltakinga har vore dels politisk og dels administrativ. CPMR er ein viktig organisasjon som gir fylkeskommunane/regionane god tilgang til kommisjonen. Fylkeskommunen er aktiv i Nordsjøkommisjonen, og dette er også ein arena som fylkeskommunen kan få meir nytte av i samarbeid med dei andre Vestlandsfylka.

Fylkeskommunen er medeigar i *Vest-Norges Brüsselkontor (VNB)*. Hovudoppgåvene VBN er å synleggjere regionen som samarbeidspartner for

andre europeiske regionar, vere lyttepost og døropnar mot institusjonane i EU/EØS, dette gjeld spesielt:

- Formidle informasjon om det som skjer i EU/EØS av særleg interesse for Vest-Norge.
- Identifisere EU/EØS-program/prosjekt av interesse for Vest-Norge.

Leiar i hovudutval for plan og næring, Kjartan Longva, og Agnes Landstad, direktør Vestlandsforskning sit i styret. I 2010 vart Balestrand og Gloppe kommune medlemmer, i tillegg er Fjaler, Høyanger og Jølster medlemmer frå tidlegare.

Friluftsliv, vilt og fisk

Fylkeskommunen fekk gjennom forvaltingsreforma tildelt nye oppgåver knytt til friluftsliv, vilt og fisk. Det vart oppretta ei ny rådgjevar-stilling ved PSA, for å handtere dei nye oppgåvene. Ved sidan av det generelle arbeidet med råd og rettleiing til kommunane og friluftsorganisasjonane, gjeld dette tilskot til motivering/stimulering, tiltak i friluftsområde og vilttiltak.

Tilskot til motivering/ stimulering

- Tildelingsramma var på 220.000 kr
- Handsama 16 søknader. Samla søknadsbeløp var på 925.000 kr.
- 8 sokjarar fekk tildelt midlar
- Største tildeling gjekk til Forum for natur og friluftsliv, Sogn og Fjordane, som fekk 110.000 kr for å drive nettverksarbeid mellom friluftsorganisasjonane i Sogn og Fjordane.

Tilskot til tiltak i friluftsområde

- Tildelingsramma var på 300.000 kr
- Handsama 3 søknader som alle fekk støtte

Sogn regionråd fekk tilskot frå begge dei nemnte ordningane, til saman 140.000 kr, til eit forprosjekt for etablering av friluftsråd i Indre Sogn.

Fylkeskommunen var med på å etablere prosjekt ”Merking og gradering av turløyper på Vestlandet”, som fekk 10 millionar i gåvetildeling frå Gjensidigestiftelsen.





Prosjektet Merking og gradering vil tilføre i overkant 1,7 millionar kr fra Gjensidigestiftelsen dei neste to åra til merking/skilting og gradering av turloyper i Sogn og Fjordane. Foto: Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Tilskot til vilttiltak

- Tildelingsramma var på 400.000 kr
- Handsama 16 søknader. Samla søknadsbeløp var på 1.640.000 kr.
- 11 sokjarar fekk tildelt midlar
- Største tildeling gjekk til Sogn og Fjordane skogeigarlag og Norsk Hjortesenter som fekk 75.000 kr, kvar, til prosjekt som skal gje betre kunnskap om høvesvis privat og offentleg hjorteviltforvalting.

Fylkeskommunen medverka til seminaret Hjort 2010, som samla cirka 90 deltakarar og føredragshaldarar. I samband med seminaret hadde fylkeskommunen også ei samling for den kommunale viltforvaltinga, med deltakarar frå 12 kommunar.

I høve fisk vart det handsama og imøtekome ein søknad om kultiveringstiltak.

Vasskraftsaker, kraftlinjesaker og vindkraftsaker

Administrasjonen utarbeida saksførelegg for fylkesutvalet i saker som vert fremja i tråd med vassdragslovsgjevinga, energilova og regelverket om konsekvensutgreiingar i Plan – og bygningslova. Konkret dreier dette seg om vasskraftsaker, vindkraftsaker, kraftlinjer med spenningsnivå over 22 kV og fjernvarmeanlegg.

Fylkeskommunen uttalte seg som høyringsinstans til 7 konsesjonssøknader om vasskraftutbygging (vedlegg II). Samla årsproduksjon for prosjekta i desse sakene er 309 GWh. Dette kraftvolumet svarer til den årlege, gjennomsnittlege elektrisitetsbruken til omlag 15 500 hushaldningar. Planlagt investering

til desse prosjekta vil komme opp i om lag 932 mill. kr. Gitt at den samla kraftproduksjonen frå prosjekta som har vore til konsesjonshandsaming i 2010 vart lagt ut for sal i kraftmarknaden i heile året 2014, ville førstehandsverdien av krafta svare til 111 mill. kr (føresetnad: kraftkvantum 309 GWh, marknadspris 36 øre/kWh).

Vassforvaltning

Sogn og Fjordane er eigen vassregion og gjennom Forvaltningsreforma fekk fylkeskommunen vassregionmyndighet frå 01.01.10. Arbeidet skal byggast på *Forskrift om rammer for vannforvaltningen (Vassforskrifta)* som er den norske innføringa av EU sitt Rammedirektiv for vatn (*Vassdirektivet*). Vassdirektivet var gjort gjeldande for Noreg gjennom EØS avtalen i 2008 og er rekna for å vere eit av EU sine viktigaste miljødirektiv. Vassdirektivet og vassforskrifta gjeld for alt overflatevatn (ferskvatn, brakkvatn og kystvatn ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinna) og for grunnvatn. Dette fører til at vi må kartleggje og analysere alle vassdrag, fjordar og kystområde, fastsetje miljømål og kvalitetskrav, lage tiltaksplanar, forvaltningsplan og setje i verk overvakingsprogram.

Ein fagperson vart tilsett i slutten av september 2010 for å koordinere og drive arbeidet i vassregionen. Vassforskrifta set rammer for korleis arbeidet med ein forvaltningsplan skal gjennomførast. Forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet for Vestlandet (gjeld vassområde Stryn) vedteke i kongeleg resolusjon i juni 2010, skal vere sett i gong innan utgongen av 2012. Forvaltningsplan for heile vassregion Sogn og Fjordane skal sendast ut på høyring i 2014. Planprogram for arbeidet vert lagd ut på høyring i 2011. Organisering av vassregion Sogn og Fjordane gjennom etablering av vassregionutval, vassområdeutval, referansegrupper vil skje i 2011.

"Naturarven som verdiskaper"

Dette er eit 5-årig verdiskapingsprogram initiert av Miljøverndepartementet med føremål å auke verdien av verneområda og andre naturområde med spesielle kvalitetar.

Kommunal- og regionaldepartementet har bidrige økonomisk til programmet. Programmet skal legge til rette for at slike område "blir ein viktig ressurs for sosial, kulturell, miljømessig og økonomisk utvikling og gi grunnlag for sysselsetting og verdiskaping basert på naturarven, samtidig som områda vert forvalta slik at naturens mangfold vert teke vare på".



Årsmelding 2010

Det er plukka ut 10 område i heile landet etter ein søknadsrunde. Sogn og Fjordane deltek med tre område, HAFS-kommunane, Luster og Aurland.


I 2010 vart det løyvd midlar for det fyrste året i prosjekta. HAFS fekk 350.000 kroner til sitt prosjekt ”Kystarven”, kr. 400.000,- vart løyvd til Aurland og prosjektet ”Verdiskaping skjer i møtet” i regi av Verdsarvparken Nærøyfjorden og kr. 150.000,- vart løyvd til prosjektet ”Mellom fjell, fjord og folk” i Luster kommune.

Verkty i planlegging - GIS

Ny versjon av ArcGis vart utgitt i 2010, og 6 enkellisensar er erstatta med 4 flytande lisensar. Ved utgangen av 2010 var det 10 maskiner med oppdatert GIS fordelt på avdelingane i fylkeskommunen.

GIS har i løpet av 2010 blitt brukt til:

- Analyse av terrenget for å påvise områder som er eigna for vindmøller.
- Forvaltningsområde for sel i sjø.
- Kart som illustrerer folketalsutvikling på kommune - og grunnkrets niveau til bruk i Fylkesspegl.
- Til planlegging av feltsesong på kulturavdelinga for feltregistrering.
- Til bruk i felt under registrering.
- Framstilling av kart i samband med kulturminneregistrering.
- Registrering av skuler i fylket ved hjelp av Fylkesatlas.
- Stadnamn registrering hjå Fylkesarkivet.




Illustrasjon GIS.

I 2010 vart versjonen av www.fylkesatlas.no oppgradert. Den nye versjonen Adaptive 2.0 kan brukast til å lage innebygde (embed) kart på fylkeskommunen sine heimesider. Eit eksempel på dette er tilrettelagt for skjelsand forvaltinga,

der rapporten er digitaliser og gjort tilgjengelig på kart.

Det er kjøpt to ekstra modular til Fylkesatlas. Med spesialtilgang på den eine modulen kan sakshandsamar finne namn og adresser på eigedommar, og bygg på eigendommane, samt adresser på naboane. Den andre modulen er ein ”Buffer” modul, som gjer det mogeleg å bestemme ein viss buffer rundt eit punkt, ei linje eller ei flate. Dermed kan ein få illustrert for eksempel sikringssoner rundt eit registrert kulturminne.



Illustrasjon fylkesatlaset Sogn og Fjordane.

Av nye tema som er lagt til i Fylkesatlas i 2010 er:

- Ferjekai, ferjestrekning, fylkesvegar, nasjonal turistveg, rasteplassar, trafikkmengde, tunell og tunell med sykkelforbod. Alle disse tema er henta frå Statens vegvesen sin Nasjonal vegdatabank (NVDB).
- Landskapstypar på kysten i Sogn og Fjordane.
- Eigen fane for samfunnstryggleik (ROS).
- Oppdatering av kommune- og reguléringsplanar henta frå dei felles kartløysningane som finnes i fylket.
- Bakgrunnskart som hentast direkte frå Statens kartverk. Dette medførar at dei til ei kvar tid er oppdaterte.



Næringsutvikling

Kommunal næringsutvikling

Fylkeskommunen har ei brei satsing på kommunalt næringsutviklingsarbeid som omfattar ei mengde aktivitetar.

Prosjekt "Kommunal næringsutvikling"

Næringsavdelinga tok saman med Innovasjon Norge og Fylkesmannen si landbruksavdeling initiativ til å starte opp eit nytt prosjekt knytt til kommunal næringsutvikling. Det har vore køyrd liknande prosjekt tidlegare, men framleis er det behov for å setje kommunane endå betre i stand til å drive næringsutvikling og til å samordne den kommunale innsatsen frå dei regionale aktørane. Prosjektet er treårig og omhandlar tre hovudområde; organisering, kompetanse og kommunikasjon. Hausten 2010 vart nytta til å utarbeide prosjektplan og planlegge aktivitetar i prosjektet, og prosjektleiar vart tilsett. Prosjektet vert starta opp frå 2011.

Tiltaksforum

Tiltaksforum er ei nettverkssamling for medarbeidarar innan tiltaksarbeid og næringsutvikling. Tiltaksforum har god oppslutnad og ved samlinga i september 2010 var nær alle kommunane representert.



Bedriftsbesøk til Avery Dennison NTP under tiltaksforum i Luster, september 2010. Foto: Arne Monrad Johnsen/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Kommunale næringsfond

Løyvingane til kommunale næringsfond var på 14,55 mill. kr i 2010. Regionråda fekk løyvd 2,2, mill. kr over plan og næring sitt budsjett.

Det er viktig at kommunane møter etablerarar og bedrifter i kommunen på ein god måte. Dei er ofte den første som etableraren møter i det offentlege tiltaksapparatet. Det er difor viktig at kommunane har eit fungerande næringsapparat som kan vere ein god hjelpar. Kommunale næringsfond skal medverke til eit godt næringsarbeid i kommunane. Fylkeskommunen stiller krav til desse midlane for å følgje opp

kommunane i næringsarbeidet. Kommunane må ha oppdaterte planar på næringsutvikling og eit tilfredsstillande førstelineteneste for etablerarar.

Omstillingsarbeid

Kommunane *Vågsøy, Askvoll, Hyllestad* og *Høyanger* hadde i 2010 omstillingsstatus gitt av Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Askvoll gjennomførte i 2009 ein strategisk utviklingsanalyse og fekk i februar 2010 omstillingsstatus for eitt år (2010) for å greie ut og få på plass ein eigna omstillingsorganisasjon. Kommunen kom ikkje i gang med dette arbeidet før heilt på tampen av 2010. *Vågsøy, Hyllestad* og *Høyanger* har omstillingsstatus ut 2011. Vågsøy er inne i sin siste og Hyllestad sin fyrste toårsperiode. Høyanger fekk, som fyrste kommune i Sogn og Fjordane, omstillingsstatus ut over 6-årsperioden. Dette er noko som skjer berre heilt unntaksvise og hadde bakgrunn i Fundo-konkursen.

Ordinær omstillingsløyving 2010 vart fordelt slik:

Kommune	Ordinær løyving
Høyanger	3 500 000
Vågsøy	4 000 000
Hyllestad	1 500 000
Askvoll	300 000
Sum:	9 300 000

I åra 2004 – 2010 har fylkeskommunen til saman bidrige med kr 49 mill. kr i ordinære omstillingsmidlar til 7 kommunar.

I oktober 2010 kom rapporten "*Langtidseffekter av omstillingsprogram*" (Trøndelags forskning og utvikling AS) som viser positive langtidseffektar i alle utvalte case. Næringsutviklingsevna i omstillingskommunane er gjennomgåande styrka, også på lang sikt, og programma har gitt eit meir robust og variert næringsliv.

Omstillingsprogrammet i Bremanger var med som case frå Sogn og Fjordane. Funna om gjennomgåande styrka næringsutviklingsevne, og eit meir robust og variert næringsliv, samsvarar godt med det fylkeskommunen opplever som resultat i dei aller fleste omstillingsområda.

INU – FSF

Kommunane Førde, Sogndal og Flora har høg arbeidsgjevaravgift og får kompensert dette gjennom statsbudsjettet. Desse midlane vert forvalta av stiftinga INU-FSF som tildelte 32,6 mill. kr i regionale fellestiltak og 2 mill. kr til bedriftsretta støtte i 2010.



Årsmelding 2010

Styret har i løvningane til regionale fellestiltak lagt særleg vekt på å utvikle reiseliv, tettstadutvikling og infrastruktur. Regionhamn Sunnfjord fekk 10 mill. kr i 2010, med intensjon om 10 mill. kr også i 2011 og 2012. Styret har også satsa på prosjekt som skal styrke samarbeidet og legge grunnlaget for innovasjon og utvikling til nye arbeidsplassar. Det har vore viktig å ta tak i nye satsingar, spesielt innan fornybar energi, og her har styret m.a. løyvd i overkant av 1,2 mill. kr til prosjektet Fornybar energi, innovasjon og regional utvikling.

Næringsbarometeret 2010

Saman med partnarane Sparebanken Vest, NHO, Innovasjon Norge, NAV og Hordaland fylkeskommune gjev fylkeskommunen ut to årlege Næringsbarometer for Hordaland og Sogn og Fjordane. Målet med Næringsbarometeret er å gje status og framtidsutsikter for viktige næringar på Vestlandet.



22. januar 2010 var det presentasjon av Næringsbarometeret på Fylkeshuset, her ved Bernt Bergheim og Frode Henden. Foto: Henning Rivedal/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Næringsbarometeret syntetiserte i starten av 2010 at optimisme blant bedriftene var attende, men investeringslysta var framleis minimal. I mai kunne næringsbarometeret slå fast at det var forsiktig men sårbar vekst. Det var likevel klare forskjellar mellom dei ulike næringane, og særleg for verfts- og verkstadsindustrien var det utfordringar. 2010 syntetiserte aukande aktivitet i bygg- og anleggsbransjen, gode tider for laksenæringa, svak optimisme i transport næringa, nedgang i annonse- og reklamebransjen, auke i eigedomsprisane, volumauke i detaljhandelen, engrosvekst, men avventande tenesteleverandørar. Auken i arbeidsløysa flata totalt sett ut, og spesielt tenesteytande næringar merka seg at det igjen var krevjande å rekruttere nok relevant arbeidskraft.

Rekruttering og busetting

Fylkeskommunen har støttat rekrutteringsarbeidet gjennom Framtidsfylket AS, både gjennom bidrag til messer, traineeopptak og som aksjonær i Framtidsfylket AS. I 2010 bidrog fylkeskommunen også med

300 000 kr i støtte til rekrutteringsfilmen om Sogn og Fjordane.



Traineeane i fylkeskommunen, Lisbeth Bringebøen og Ashjørn Ness, syner gode teameigenskapar under traineesamling i Smørhamn. Foto: Thomas Bickhardt/BickFoto.

Som oppfølging av *Tenkertanken* har fylkeskommunen i 2010 støttat to prosjekt i fylket som omhandlar tilflytting og busetting.

Bedriftsretta støtte gjennom

Innovasjon Norge

Det er viktig å sikre ei god samhandling mellom den tilretteleggande og den bedriftsretta satsinga. Bedriftsretta støtte på 46 mill. kr. gjennom Innovasjon Norge (IN) var den klart største enkeltposten på plan og næring sitt budsjett i 2010. Av dette var 6 mill. kr. øyremerkar ordninga NyVekst. Fylkeskommunen sitt budsjett er førande for det årlege bestillingsbrevet til IN. Prioriterte satsingar i 2010 var mellom anna kompetanseintensive tenesteytande næringar som eit ledd i sentralsamfunnet, lønsemd i kulturnæringane og få FoU på dagsorden i fleire bedrifter.

Næringslivet i Sogn og Fjordane har lagt finanskrisa bak seg, og pilene peikar oppover igjen. Bedriftene er meir optimistiske enn ved inngangen til 2010. Dette gjeld dei fleste næringane med unnatak av verfts- og mekanisk industri som framleis slit med låge ordrereservar. IN rapporterer om låg etterspørsel etter verkemidla i første halvår (alle midlar), men dette tok seg opp mot slutten av året. Totalforbruket låg 32% lågare enn i 2009. Ein må då ta omsyn til at 2009 var eit spesielt år med finanskrisa og ekstraløyvingar til IN. Til tross for nedgangen frå 2009 var 2010 eit år med stort forbruk i høve normalår.

Sjå elles eigen rapport frå IN i vedlegg.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer framleis å nytte *Fjord Invest Såkorn AS* som ein aktiv reiskap for næringsutvikling i fylket.



Årsmelding 2010

Fylkestinget vedtok i sak 58/10 å gå inn med 11,5 mill. kr i ny kapital i såkornfondet, og oppnådde med dette å få aksjemajoritet i selskapet. Samtidig vart det lagt opp til å endre vedtekten slik at fondet får eit breiare investeringsmandat.

Innovasjon, forsking og utvikling

Regionalt forskingsfond Vestlandet hadde si fyrste utlysing i 2010, med søknadsfrist 2. juni. Ramma var på inntil 25 mill. kr til hovudprosjekt innan tre tema: a) berekraftig matproduksjon b) Energi og maritim sektor og c) Offentlege utviklingsoppgåver. Frå Sogn og Fjordane var det høvesvis 1, 6 og 2 søknader i dei ulike kategoriene. Ti hovudprosjekt fekk til saman 22 mill. kr i tilskot. Av desse var 3 frå Sogn og Fjordane. Desse var:

Hovudprosjekt

- PL Innvik Fruktlager BA. Berekraftig utviding av den norske bringebærsesongen, kr 3 490 000
- Lærdal Grønt BA. Jordbær utan lerrote til norsk konserveindustri, kr 2 550 000
- Stiftinga Vestlandsforskning. Towards a multicultural community: is minority integration a bumpy road or a superhighway?, kr 1 000 000

Det kom inn 63 søknader til forprosjekt (kvalifiseringsstønad). Av desse var 9 frå Sogn og Fjordane. Ein søknad var innan tema berekraftig matproduksjon og 8 søknader innan offentlege utviklingsoppgåver. Det var 27 søknader som fekk kr 200 000 kvar i støtte. Av desse var to frå Sogn og Fjordane:

Forprosjekt

- Stiftinga Vestlandsforskning, Vestlandslandbruks og den doble klimapåvirkningen – muligheter og utfordringer som følge av endret klima og strengere klimapolitikk, kr 200 000.
- Møreforsking AS saman med aktørar frå Sogn og Fjordane. "Dei nye hendene" – offentleg sektor sitt møte med arbeidsinnvandrar, kr 200 000.

VRI - Verkemidlar for regional FoU og Innovasjon. Målet med VRI er å få bedrifter til sjølve å definere eigen trong for FoU.

Nøkkeltal for VRI i 2010:

- Kompetansemeklingsprosjekt, 17
- Personmobilitetsprosjekt, 2
- Avlagde doktorgrader, 1

Søknader til eksterne program:

- Regionale program (inkl. IN regionalt) 4
- Nasjonale program, 3
- Internasjonale program, 3

I 2010 har forskingsprosjektet EDIT INC prioritert refleksjon og analyse av sitt treårige arbeid. INC-gruppa sitt endringsprosjekt vart avslutta i desember 2009 og forskarane har drege ut lerdom knytt til temaet *deltaking og brei medverknad* i INC-bedriftene.

Reiseliv

Fylkestinget vedtok Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 – 2025 den 8. juni 2010. Hovudutval for plan og næring vedtok tillegg om privat hyttebygging den 7. september 2010. Visjonen til Sogn og Fjordane for utviklinga av reiselivet fram mot 2025 er at fylket skal tilby berekraftige naturopplevelingar i verdsklasse.

Sogn og Fjordane skal bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevelingar med høg kvalitet i møte med engasjerte menneske og unik fjordnatur – fjord, bre, fjell, fossar, kyst og hav – som skal styrke grunnlaget for lønsam, heilårleg næringsverksemd, og trivsel og busettnad i heile fylket.

Reiselivsplanen har tre hovudmål

- Auka verdiskaping.
- Auke i tal gjestedøgn.
- Eit meir berekraftig reiseliv.

Dei viktige måla er knytt til hovudmål auka verdiskaping og eit meir berekraftig reiseliv. Auke i tal gjestedøgn skal føra til auka verdiskaping i reiselivnæringa og auka økonomiske overrislingseffektar i lokalsamfunnet, slik at dette styrkar, heller enn svekkjar, effektane av turismen på miljø, klima, lokal kultur og andre viktige berekraftfaktorar.

I 2010 vart det til saman brukt 6,95 mill. kr til reiseliv, der dei største løyingane var 3,65 mill. kr til reiselivsselskapa og 1,44 mill. kr til Fjord Norge. Nytt i 2010 var avtalar med fire regionale reisemålselskap: Visit Sognefjord, Reisemål Sunnfjord, Visit Fjordkysten og Reisemål Stryn og Nordfjord, mot tidlegare avtalar med ei rekke mindre reisemålselskap i Visit Sognefjord sitt område. Elles vart det mellom anna løvd pengar til NCE Tourism Fjord Norway og til reiselivsruter på Sognefjorden.

Resultatet av arbeidet og andre relevante faktorar er kring 3% årleg vekst i tal gjestedøgn i Sogn og



Årsmelding 2010

Fjordane sidan 1992 (www.statistikknett.com/sf - SSB).

Utfordringa framover vil vera å finne fram til faktorar som kan vera til hinder for vekst, og faktorar som kan vera til nytte for vekst, og setje ressursane inn slik at målsetjingane i fylket vert nådde på ein effektiv måte. Dette er styringsgruppene i oppfølginga av reiselivsplanen si hovudoppgåve.

Havbruk og fiskeri

I tillegg til arbeidsoppgåvene i programarbeidet har det også vore arbeida med andre aktivitetar innan Havbruk og fiskeri i 2010.

Sogn og Fjordane er representert i *Nordsjøkommisjonen si marine ressurser-gruppe* (North Sea Commission Marine Resources Group), men har vore mindre aktiv i dette arbeidet i 2010 enn føregåande år.

Marint verdiskapingsprogram (MVP) er eigm av Fiskeri- og kystdepartementet (FKD) og Innovasjon Norge sentralt har fått operatørstatus. Som valt representant for kystfylka i Noreg sit fylkeskommunen sin fagansvarleg i arbeidsgruppa i MVP.

Fylkestinget vedtok i sak 32/10 kriteria for *Marint Verdiskapingsfond for Sogn og Fjordane*. Fondet sin grunnkapital er på 11 mill. kr og etablert på grunnlag av midlar som vart overført frå staten i samband med konsesjonstildelinga for laks og aure i 2009. Det var inga utlysing av midlar i 2010.

Hovudutval for plan og næring vedtok i sak 80/10 *Politisk strategi for tildeling av akrakulturlokalitetar*. Bakgrunnen for å etablere ein slik startegi var å fylge opp intensjonen i forvaltingsreforma og for å sette større fokus på miljøomsyn. Strategien har to hovedfokus med tilhøyrande forslag til tiltak.

Offshore

Den høge aktiviteten ved Fjord base har halde fram i 2010. Det er planert mykje nytt areal, og nye bygg er reiste og er under oppsetting. Gjøaplatforma er sett i drift og GdF Suez har overteke som operatør for feltet. Som operatør har dei kontrahert eit nyt helikopter som doblar transportkapasiteten frå Florø til felta utanfor fylket. Det har vore arbeidd aktivt for å skape ringverknader knytt til utbygging av oljefeltet Jordbær med BG Norge som operatør. Plan for utbygging og drift skal godkjennast av Stortinget våren 2011. Statoil står framleis for desidert største aktiviteten på sokkelen og ved basen.

Selskapet har planar for mange aktuelle prosjekt der det er knytt voner til lokale ringverknader. Oljefelta Valemon og Visund Sør er blant dei mest aktuelle døma.

På Lutelandet er det bygd kai og planert areal. Arealutviklinga held fram som følgje av at Lutelandet Offshore m.a. satsar på fjerning av offshoreinstallasjonar.



Fylkeskommune. Som ved føregående messer var Sogn og Fjordane representert med fellestand under ONS. Det vart i samband med dette også arrangert ein Sogn og Fjordane-kveld i Stavanger sentrum. Tilbakemeldingane syner interesse for gjentaking i 2012. Foto: Henning Rivedal/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fornybar energi

Vindkraftforum Sogn og Fjordane vart skipa i oktober 2009 og har også i 2010 vore eit prosjekt under fylkeskommunen. Frå 01.01.11 er forumet formelt stifta som eiga foreining.

Forumet har som føremål å sikre utbygging og drift av vindkraft på brei front i fylket. Det er særskilt fokus på å realisere den fyrste fullskala offshore vindparken utanfor kysten av Sogn og Fjordane. I løpet av 2010 har det vore arrangert forum i Måløy, studietur til Husum og det har vore arbeidt med leverandørkartlegging. Forumet har ved utgangen av 2010 omlag 60 medlemer frå heile fylket.

Eit prosjekt i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning for kartlegging av regionale og økonomiske verknader av småkraft er starta opp.

Kapasiteten i både det regionale og nasjonale linjenettet er i fleire områder av fylket svært krevjande for vidare utbygging av grøn kraft.

Landbruk

Fylkeskommunane fekk eit auka ansvar for landbruk med forvaltningsreforma frå 2010. Dette innebar eit auka politisk ansvar for å vere



ein aktør inn mot nasjonale styresmakter i landbrukspolitiske prosessar. Sogn og Fjordane fylkeskommune leverte høyingsfråsegn både mot jordbruksoppgjeret 2010 og innspel til ny melding om landbruks- og matpolitikken som kjem i 2011. Det er viktig å styrke dei store produksjonane i fylket vårt som mjølk og kjøtt mellom anna for å sikre matproduksjon, framtidig rekruttering og kulturlandskap.

Ansvar for rekruttering, kompetanseheving og likestilling innan landbruket ligg no i fylkeskommunen. Hovudutval for plan og næring vedtok plan for dette arbeidet med prioritering av midlar. Midlane vart fordelt på tre hovudområde; korte kurs, nettbasert agronomutdanning og andre rekrutterings- og likestillingstiltak.

I arbeidet med dei nye oppgåvene knytt til landbruk har ein hatt tett samarbeid med næringa gjennom deira organisasjonar.

Folkehelse, livsutfaldning, miljø og universell utforming

Viktige delar av det praktiske folkehelsearbeidet skjer gjennom fylkesplanprogrammet ”Folkehelse og livsutfaldning” der koordinatorrolla no er lagt til Plan og samfunnsavdelinga.

Frå 1.1.2010 vart folkehelsearbeidet ei lovpålagt oppgåve for fylkeskommunane. Hovudoppgåva er å koordinere og fremje folkehelsearbeid i fylket gjennom partnarskap, hjelpe kommunane i deira arbeid og ta folkehelseansvar i alle delar av fylkeskommunen si drift og ansvarsområde, samt ha oversikt over helsesituasjonen i fylket og korleis den fordelar seg sosialt i befolkninga.

Plan- og samfunnsavdelinga har med lovpålegget fått ansvar for å koordinere folkehelsearbeidet i fylket, vidareutvikle og drifte partnarskapen, forankre feltet i planar og strategidokument og initiere tiltak ut i frå dei utfordringar helseovervakainga avdekkar. Avdelinga har hatt fokus og tiltak på alle områda i 2010. Det har

vore gjennomført fleire konferansar og fagsamlingar i løp av året. Mykje av støtta til kommunar, frivillige og andre aktørar på feltet skjer gjennom *fylkesplanprogrammet for Folkehelse og livsutfaldning*.

Fylkeskommunen er utnemnd som eit trygt lokalsamfunn i WHO sitt globale nettverk. Dette er følgt opp med eigne tiltak, mellom anna med fylkesdeltaking på den nordiske safe community

Næringshagane

Dei ”gamle” næringshagane i Stryn, Sandane, Nordfjordeid, Leikanger og Flora fekk 100.000 kroner kvar frå fylkeskommunen i 2010. Aurland næringshage si 4-årige avtale med fylkeskommunen varte ut 2010. Løyvinga i 2010 var kr 500 000

I november 2010 vedtok hovudutval for plan og næring å gje dei fire ”SIVA-næringshagane” i fylket kr 100 000 kvar for 2011. Dette gjeld Flora NH, Sandane NH, Stryn NH og Aurland NH. Dei to andre næringshagane får 50 000 kr kvar for 2011. Dette gjeld Leikanger NH og Nordfjordeid NH. Nytt næringshageprogram vil starte i andre halvår 2011.

konferansen på Island der fleire kommunar og nokre frivillige organisasjonar deltok. Skader og ulykker er og integrert i folkehelsearbeidet og i partnarskapet.

Klima og miljø

Fylkesdelplan for klima og miljø vart vedteke på fylkestinget i mars 2009. Denne planen er heilsakleg og høvesvis unik i si utforming då den inkluderer utsleppsreduksjon både frå forbruk og produksjon, samt klimatilpassing. I 2010 har Sogn og Fjordane fylkeskommune halde fram med systematisk oppfølging av mål og tiltak i Fylkesdelplan for klima og miljø, og vi arbeidar for å etablere system for oppfølging av tiltak i klimaplanen.

Samarbeid i styringsgruppa (kommunesamarbeidet)
Styringsgruppa for klimasamarbeid i fylket består av representantar frå KS, Fylkesmannen og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane. Denne styringsgruppa spelar ein sentral rolle i oppfylginga av fylkesdelplan for klima og miljø i kommunane. Styringsgruppa møtes omrent ein gong i kvartalet, og hadde fire møter i 2010.

Prosjektgruppa, FoU- oppdrag

Fylkeskommunen starta i slutten av 2009 eit Forskings- og Utviklingsoppdrag i samarbeid med Vestlandsforsking. FOU- oppdraget har eit overordna mål om å styrke kunnskapen om korleis regionale styresmakter kan bidra til arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar



Årsmelding 2010

knytt til både produksjon og forbruk. FOU-oppdraget skal også gje ei betre retning på oppfølgingsarbeidet med Fylkesdelplan for klima og miljø. Prosjektgruppa for dette FOU-oppdraget har gjennom 2010 arbeida for å finne gode klimaindikatorar.

Miljøfyrtaårnsertifisering av den fylkeskommunale verksemda

Fylkeshuset vart miljøfyrtaårnsertifisert i 2009, og i 2010 forsette fylkeskommunen arbeidet med å miljøfyrtaårnsertifisera resten av den fylkeskommunale verksemda. I 2010 starta sertifiseringsprosessen ved Eid og Hafstad Vidaregåande skular og ved Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Tilskotsordning for miljøsertifisering av små og mellomstore bedrifter

I hovudutvalet for Plan og Næring 30. november 2010 vart det vedtatt å oppretta ei tilskotsordning for miljøsertifisering av små og mellomstore bedrifter og verksemder. Denne tilskotsordninga skal stimulera til at fleire bedrifter/ verksemder i fylket vert miljøsertifisert. Det vart satt av 300 000 kr til tilskotsordninga som i første omgang er aktiv i ein 2- årsperiode. Gjennom denne ordninga kan bedriftene søke om tilskot til å dekke halvparten av kostnadane, og inntil 20 000 kr ved sertifisering.

Kunnskap kryssar grenser

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i 2010 deltatt som aktiv partner i transovaprojektet

Kunnskap kryssar grenser (KXG). Hovudmålet i prosjektet er å utvikla ein metode for å rekna reduserte utslepp som følge av bruk av teknologi som videokonferansar eller overføring på internett (streaming). Prosjektet skal gjennom auka bruk av teknologi som videokonferansar, bidra til å redusera klimagassutslepp ved at tilsette i ulike verksemder reiser mindre. Prosjektet har også andre fordelaktige effektar, som mindre reisetid, sparte kostnadar ved reising og at folk i Sogn og Fjordane kan få enkel tilgang til same kunnskap som folk i meir sentrale strøk.

Clim-ATIC og avslutningskonferanse i Flora

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore aktiv partner i EU- prosjektet Clim- ATIC. Saman med partnarar frå Sverige, Grønland, Finland og Skottland har ein utarbeida eit klimatilpassingsverktøy som kan nyttast av lokale og regionale myndigheter i deira arbeid med planlegging for klimatilpassing. I oktober 2010 vart det arrangert ein avslutningskonferanse for Clim-ATIC i Flora, der det deltok omrent 80 representantar frå dei ulike partnarlanda.

Lokal Agenda 21

Tilskotsmidlane gjennom Loka Agenda 21 vart i 2010 styrka frå 300 000 til 500 000 kr, som ein del av oppfylginga av fylkesdelplan for klima og miljø. Nokon av tiltaka som fekk Lokal Agenda 21 midlar i 2010 var entreprenørskap i barnehagen (økologisk hønseri i Gloppe), Førde som sykkelby, og kurs i naturmangfold for barn i fylket.

Spesielle fylkestingsaker 2010

- 04/10: Handtering av lån gjeve til Luna Industri AS
- 31/10: Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 – 2025
- 32/10: Opprettiging av kriteriar for Main verdiskapingsfond i Sogn og Fjordane
- 34/10: Forsking og utvikling 2011 – 2014
- 41/10: Tertiarrapport 1/10 (frå alle)
- 56/10: Sogn jord- og hagebruksskule – utgreiing om framtida for skulen
- 57/01: Tertiarrapport 2/10
- 58/10: Aksjekapitalutviding i Fjord Invest Såkorn AS



Utdeling av gründerprisen for ungdom i fylkestinget, desember 2010



Gründerprisen for ungdom på 30 000 kroner og mykje god omtale gikk til Sindre Kvalheim og vart utdelt av Kjartan Longva (Ap) og Nils R. Sandal (Sp) i fylkestinget 14. desember 2010. Gründerprisen vert delt ut årleg, og skal stimulere til nyetableringar hjå ungdom i Sogn og Fjordane, og samtidig gje ei ekstra merksemd til unge og driftige gründerar. Foto: Birthe Finstad Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Utdeling av fylkesprisen for idérike bygder i fylkestinget, desember 2010



Fylkesprisen for idérike bygder vart tildelt Fjærland v/Fjærland Bygdautval. Prisen vert gitt til bygdesamfunn som gjennom idérikdom, samarbeid og målretta arbeid har utvikla eit godt buminilø med trivsel for folk i alle aldrar, og spanande og attraktive tilbod for innbyggjarar og tilreisande i bygdesamfunna. Foto: Henning Rivedal/Sogn og Fjordane fylkeskommune.



Vedlegg

Vedlegg 1: Årsrapport Innovasjon Norge Sogn og Fjordane.

Vedlegg 2: Konsesjonssøknader.

Vedlegg 3: Målekart plan og næring.

Vedlegg 4: Saksoversyn hovudutval plan og næring



2010

Årsrapport
Sogn og Fjordane

Optimisme i Sogn og Fjordane

Næringslivet i Sogn og Fjordane har lagt finanskrisa bak seg, og pilane peiker oppover igjen. Optimismen er tilbake i bedriftene i fylket, og dei signaliserar vekst i sysselsetjing og omsetning samla sett til neste år.



→ I Innovasjon Norge arbeider menneske som har lokal- og internasjonal kompetanse slik at ein idé kan bli ein forretningssuksess.

→ Vi skal bidra til at norsk næringsliv utviklar seg, spesielt med tanke på fornying og innovasjon både for bedrifter og enkeltprodukt

→ Jobben vår er blant anna å utvikle distrikta og styrke og profilere norsk næringsliv i Norge og i utland.

→ Vi skal også få fleire nordmenn til å reise meir i Norge og trekke utanlandske turister hit.

Innovasjon Norge Sogn og Fjordane har sett i gang ei rekke nye prosjekt i 2010, blant anna det første ARENA-prosjektet innan landbruk. Formålet er å auke verdiskapinga innan frukt og bærnæringa.

I tillegg har vi hatt fokus på kunnskapsbaserte prosjekt som til dømes prosjektet "Kunnskap krysser grenser" der målet er å gjøre kunnskap meir tilgjengelig gjennom ny teknologi.

I 2010 var det løyvd 355,0 mill. kroner til næringslivet i Sogn og Fjordane. Det er ein nedgang på 32 % i høve 2009, men likevel mykje i forhold til eit normalår.

RAPPORT FRÅ STYRET

Styret har hatt 8 styremøte i 2010 og handsama/protokollert 48 saker. Tal møte er noko færre enn i eit normalår, noko som skuldast val av nytt styre på hausten 2010. Tone Tenold, Siv Merete Stadheim og Agnar Lyng gjekk ut av styret og vart erstatta av Brit Brækhus, Stig Oldeide og Knut Eikeland.

For å få innsyn i næringslivet og kommunane sine utfordringar legg styret stor vekt på å møte bedrifter og kommunar i deira eige miljø. Difor er nokre av styremøta lagt på forskjellige stader i fylket, og med innlagde bedriftsbesøk. Styremøtet i mars var i Indre Sogn med orientering om næringslivet i Luster og bedriftsbesøk hjå Lerum. I mai var styret i Gulen og fekk orienteringar fra Ola Brånaas, IT-miljøet på Mjømna, industrimiljøet i Sløvåg og Gulen Dykkarsenter. Grunna nytt styre vart møta om hausten i hovudsak opplæring i Innovasjon Norge sitt arbeidsfelt og sine strategiar. Divisjonsdirektør Per Niederbach var med på eit av desse møta.

Etter lågkonjunkturen i 2009 var 2010 året da pilene byrja å peike oppover att for næringslivet i Sogn og Fjordane. Bedriftene her i fylket kom gjennom finanskrisa utan den store avskalinga og optimismen er no tilbake i bedriftene våre.

Etter den rekordstore aktiviteten i 2009 var vi tilbake på eit lågare aktivitetsnivå for virkemiddelbruken vår i 2010. Største prosjektet var delfinansiering av utbygging av oljebasen i Florø, der det er forventa betydeleg auka aktivitet i åra framover.

Styret i Innovasjon Norge i Sogn og Fjordane er samansett av 4 kvinner og 4 menn. 43 % av dei tilsette i administrasjonen er kvinner. Sjukefråværet ved kontoret var på 2,3 % i 2010.

Samarbeidet mellom styret og administrasjonen er godt, og styret takker administrasjonen og tilsette for godt arbeid og grundig førebudde saker.

Leikanger 01.03.2010

Kjartan Longva Karin Helen Halle Brit Brækhus
Stig Oldeide Lena Birgittha Sandstrøm Knut Eikeland
Arvid Langeland Jenny Følling

NÆRINGSLIVET I SGN OG FJORDANE

Næringslivet i Sogn og Fjordane er på veg opp igjen etter finanskrisa og bedriftene er meir optimistiske enn ved inngangen av 2010. Dette gjeld dei fleste næringane med unnatak av verfts- og mekanisk industri som framleis slit med låge ordrereservar.

Eksportnæringane viser oppgang og her er det spesielt eksport av laks som bidreg med høgaste vekst. Når det gjeld sysselsettinga så har den vore stabil i 2010 etter ein større nedgang i 2009. For 2011 forventar dei fleste næringane stabil eller auka sysselsetting.

Dei marine næringane har hatt eit varierande resultat. 2010 var eit godt år for lakse- og dei pelagiske næringane, mens for torsk har det vore eit tyngre år både når det gjeld fangst og oppdrett.

Sogn og Fjordane hadde 2 % færre registrerte landbruksføretak i 2010 enn året før. Jordbruksarealet har også gått noko attende, medan produsert volum ikkje endra seg tilsvarende. Mjølkeproduksjonen syner ein auke i høve til året før og innafor hagebruket er det ein god del nyskapande aktivitet.

Reiselivet har teke seg opp igjen etter finanskrisa. Ferie og fritidstrafikken aukar, men framleis er det nedgang i yrkesrelatert overnatting.

→ Med kontor i alle fylke og i tredve land over heile verda, er det lett å kome i kontakt med oss.

AKTIVITETEN VED KONTORET

Utviklingsaktivitetar

Sogn og Fjordane er det første fylket som har fått på plass eit ARENA-prosjekt innan landbruk. Med ni millionar til nettverksarbeid og fellesprosjekter over tre år skal Sogn og Fjordane auke verdiskapinga innan frukt og bærnæringa. Prosjektet er delfinansiert av Innovasjon Norge og næringa sjølv. Statusen som Arena prosjekt har klynga oppnådd etter å ha fått på plass tett kopling i heile verdkjeda, samt samarbeid mellom næring og FOU-aktørar. Klynga har nytta seg av heimhenting av kunnskap gjennom Innovasjon Norge sine utekontor i Europa gjennom kontoret vårt i Paris.

Innovasjon Norge har vore initiativtakar i tett samarbeid med partnarar i IT-forum til prosjektet "Kunnskap Krysser Grenser", som har siktet mål å gjere kunnskap meir tilgjengeleg for små og mellomstore bedrifter i fylket. Prosjektet har vekt stor interesse både her i fylket og over heile landet etterkvar som fleire har fått auga opp for at det er muleg å gjere kunnskap tilgjengeleg på ein rimelegare og meir miljøvenleg måte gjennom meir web-baserte løysingar og ny teknologi. I samband med at ein av våre tilsette hospitere ved kontoret til Innovasjon Norge i San Fransisco, fekk IT-forum lagt til rette for ein lærerik studietur til området, og det vart knytt viktige kontaktar for IT-bedrifter her i fylket.

"Eit Kunnskapsbasert Sogn og Fjordane" vart starta opp i 2010 med Innovasjon Norge som leiar av styringsgruppa. Prosjektet tek utgangspunkt i nærings- og folketalsendringar og andre utfordringar i Sogn og Fjordane. Kva er myter og fakta om trendane? Korleis skal næringsmiljøa, kunnskapsaktørane og det offentlege støtteapparatet kunne ta del i dei utfordringane som er i fylket, diskutere mulege løysingar på utfordringane og tilrå konkrete tiltak? Det vert jobba særleg med kva som skal til for å skape fleire kunnskapsarbeidsplassar, langsiktig økonomisk vekst i Sogn og Fjordane og bevare livskraftige og attraktive lokalsamfunn. Prosjektet bygger på erfaringane frå "Et Kunnskapsbasert Norge".

Finansiering

I 2010 vart det løyvd totalt 355,0 mill. kroner til bedrifter/personar i Sogn og Fjordane fordelt på 107,5 mill. kroner i tilskot, 145,9 mill. kroner i lån, 2,3 million kroner i garantiar og rentestøtte for lån på 99,2 mill. kroner. Det var låg etterspurnad etter Innovasjon Norge sine verkemiddel i første halvår, men den tok seg opp mot slutten av året. Det totale forbruket var 32 % lågare enn i 2009. Men 2009 var eit spesielt år med finanskrisje og ekstraløyvingar til Innovasjon Norge. 2010 var likevel et år med stort forbruk i høve eit normalår. 34 % av tilskota har gått til kvinneretta prosjekt.

NYTENKANDE LEGE PÅ SANDANE

Jesper Melin Ganc-Petersen såg gjennom sitt arbeid som lege eit stort potensiale i å effektivisere kvardagen for aktørar i helsesektoren knytt til administrasjon og betaling. Mykje tid på legekontoret gjekk med til administrasjon og legen ynskte meir tid til pasientbehandling.

Gjernom sitt selskap, Melin Medical AS, har han no lansert ein betalingsterminal som kommuniserer med legen sitt journalsystem og med bank. Terminalen er testa ut ved legekontoret på Sandane med svært vellukka resultat. Innovasjon Norge meiner dei viktigast suksessfaktorane her er kunnskap om prosess, nettverk i bransjen og ikkje minst etableraren sin eigen drivkraft. Vi bidrog med finansiering av utviklingsprosjektet.



Foto: Melin Medical AS

NØKKELTAL

Næringsliv/samfunn	2010	2009
Folketal	107 742	107 080
Arbeidsløyse , slutten av året	1,9 %	1,8 %
Nyetableringar	704	645
Konkursar	73	87
Eksport (mrd. kroner)	13,4	11,5
Reiseliv (1 000 gjestedøgn)	1 316	1 309

Tal søknader	2010	2009
Tal løyvingar	339	392
Tal skatteFUNN-saker	36	32

Innvilga (mill. kroner)	2010	2009
Marknadslån	100,0	228,3
Risikolån/garanti	48,0	97,4
Distriktsretta tilskot	43,5	39,0
Etablerarstipend	3,4	4,3
Tilskot landbruksverkemiddel	44,3	37,6
Rentestøtte for lån	99,2	73,5
Andre tilskot	16,6	39,9
Sum	355,0	519,9

Låneportefølje (mill kroner)	2010	2009
Marknadslån	794	799
Risikolån	182	201
Garanti	7	7
BU-lån	76	89
Sum	1 052	1 096



Leiar:
Halvor Flatland

Kontoradresse:
Askedalen 2, 6863 Leikanger

innovasjonnoreg.no

Konsesjonssøknader, vedlegg II

Konsesjonssøknader	Kommune	Årsproduksjon i GWh	Planlagt invest., mill. kroner
Bortnen kraftverk	Bremanger	7,7	20,3
Myklebost kraftverk	Jolster	20,6	34,0
Gravdal kraftverk	Førde	6,2	13,0
Sandalelva kraftverk, planendring, ref. avslag for Sandalsfossen kraftverk	Gloppen	9,0	20,5
Randalen og Østerbø kraftverk, planendring	Høyanger	207	650
Stardalen kraftverk	Jølster	49	160
Engjadalselvi kraftverk, planendring	Luster	9,8	34,1
Sum		309,3	931,9

Alle vasskraftsaker med produksjon over 40 GWh, og ein del saker over 30 GWh skal meldast etter forskrift om konsekvensutgreiingar i tråd med plan- og bygningslova. Det vart gitt uttale til tre meldingar med framlegg til utgreiingsprogram. Samla aktuell årsproduksjon er om lag 190 GWh og planlagt investering ca. 800 mill. kroner

Meldingar	Kommune	Årsproduksjon i GWh	Planlagt investering
Holmen kraftverk i Jordalselva	Aurland og Voss	70	269
Overføring av vatn til Viddalsmagasinet for skredsikring i Flåmsdalen	Aurland	57	350 - 400
Fardalen kraftverk	Årdal	63	170
Sum		190	789 - 839

Etter iverksetting av forvalningsreforma frå 01.01.2010 blir fylkeskommunen bedt om å uttale seg til spørsmål om konsesjonsplikt for mini- og mikrokraftverk (installasjon opp til 1 MW). Sakene vert handtert administrativt. NVE tek avgjerd om konsesjonsplikt eller ikkje.

Prosjekt der konsesjonsplikt vert vurdert	Kommune	Årsproduksjon i GWh	Planlagt invest., mill. kroner
Tusseelva mikrokraftverk i Balestrand	Balestrand	0,31	0,861
Dvergsdal kraftverk 2	Jølster	5,1	13
Bruland kraftverk	Stryn	2,1	
Sætrefossen minikraftverk	Bremanger	3,0	
Stordalselva kraftverk	Askvoll	2,3	8,8
Fosshageelvi kraftverk	Leikanger	2,6	
Lyngstadfossen minikraftverk	Gauld	5,1	
Sum		20,51	

Kraftlinje-/transformatorprosjekt til uttale i 2010

Høyringsuttale til tilleggssøknad og tilleggsutgreiing for ny 132 kV linje Østerbø-Stordalen i Høyanger.

Forkjøpsrett til fallrettar

Årsmelding 2010

Fylkeskommunen (FT 07.04.2010) sa i frå seg forkjøpsrett til konsesjonspliktig fallerverv for bygging av Eldrevatn kraftverk i Lærdal kommune.

Overdraging av aksjene i Elkem Energi Bremanger AS til Svelgen Kraft Holding AS.

Fylkeskommunen (FU 29.01.2010) hadde ikkje merknader til overdragninga, men la til grunn at den kraftintensive industrien i Bremanger også i framtida skal ha tilstrekkeleg tilgang på kraft på rimelige vilkår.

Vindkraftprosjekt

Ingen vindkraftsaker til uttale i 2010.

Målekart – plan og næring - vedlegg III

Resultat sett i høve til vedteke målekart for 2010.

STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: TENESTEPRODUKSJON/ BRUKARPERSPEKTIVET

T1 Kritisk suksessfaktor: Relevant rettleiing og samhandling med kommunar i plan og næringssaker

T1-1 Måleindikator: Kor nøgde kommunane er med fylkeskommunen si rettleiing og samhandling

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2010

T1-2 Måleindikator: Planseminar og møter i planforum

Det er gjennomført eit planseminar og fem møter i planforum. Tre møter vart avlyst pga manglende innspel frå kommunane.

T1-3 Måleindikator: Tiltaksforum

Det vart gjennomført to Tiltaksforum, ambisjonsnivået er minst to årlege Tiltaksforum.

T2 Kritisk suksessfaktor: Administrere eit folkehelsenettverk

T2-1 Måleindikator: Tal kommunar i folkehelsenettverket

Det er for tida 21 kommunar i folkehelsenettverket. 26 kommunar er eit langsigkt mål.

T3 Kritisk suksessfaktor: Fylkeskommunen sine heimesider, plannett og andre nettløysingar vert oppdatert og nytta aktivt

T3-1 Måleindikator: Tal nyhende som vert lagt ut

Det har blitt jobba med å forbetre fagområda sine nettsider og publisering av nyhende på fylkeskommunen si nettside. Vi sender ut nyhendemeldingane som pressemelding, og vi skriv artiklar om kvart møte i hovudutvalet. Det har vore ein auke i publiserte nyhende på framsida, men vi vil jobbe vidare med dette og med anna informasjon på fagområda "sin del" av heimesida.

T3-2 Måleindikator: Plannett vert relansert

Relansering utsett i påvente av utskifting av eksisterande publiseringer verktøy for fylkeskommunale heimsider.

T3-3 Måleindikator: Auka i tal treff på heimesidene (plan og næring)

Ikkje målt.

T3-4 Måleindikator: Kor nøgde kommunane er med fylkeskommunen si heimeside (plan og næring), plannett og andre nettløysingar

Fylkeskommunen har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2010.

STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR

R1 Kritisk suksessfaktor: Kjenner utfordringane, naturressursane og potensiale for verdiskaping i fylket

R1-1 Måleindikator: Utarbeide årlege næringsbarometer

Næringsbarometer for Hordaland og Sogn og Fjordane hadde to utgåver i 2010.

R1-2 Utarbeide eit nytt fylkesdekkande overvakingsprogram

Ikkje gjort. Rapport „Langtidseffekter av omstillingssprogram“ (Trøndelag Forskning og Utvikling AS) viser positive langtidseffektar i alle dei utvalde casa. Omstillingssprogrammet i Bremanger var med som case frå vårt fylke. Funna om gjennomgåande styrka næringsutviklingsevne, og eit meir robust og variert næringsliv, samsvarar godt med det vi opplever som resultat i dei aller fleste omstillingssråda.

R2 Kritisk suksessfaktor: Utvikle politikk for ulike næringsområde

R2-1 Måleindikator: Rullere fylkesplanen gjennom årlege handlingsprogram

Rulling er integrert i arbeidet med budsjett og økonomiplan - og gjennom programstyrta si utarbeiding av programplanar.

- R2-2 **Måleindikator: Tilskotsløyving er i samsvar med overordna planar**
Ja, samsvar - og brukar fylkesplanen sin handlingsdel aktivt når ein vurderer om dei ulike tiltaka bør få tilskot.
- R3 Kritisk suksessfaktor: Ta rolla som regional utviklingsaktør gjennom samspel, nettverk og partnarskap**
- R3-1 **Måleindikator: Tiltak som er vedtekne gjennom fylkesplanen, og som sektoren har ansvar for, vert gjennomførde**
Ja, samkøyringa med budsjett- og økonomiarbeidet gjer at dei høgst prioriterte områda vert følt opp. Andre deler av oppfølginga kan av ressursomsyn ta lenger tid enn planlagt.
- R3-2 **Måleindikator: Etablere indikatorar for måling av resultat i program og prosjekt**
Det gjenstår å etablere gode indikatorar. Det vert sett i gang eit arbeid med å forbetre dette.
- R3-3 **Måleindikator: Utarbeide fylkesdelplan for småkraft og vindkraft i samsvar med planprogrammet**
Under arbeid. Tidspunkt for sluttføring er sett til våren 2011.
- R3-4 **Måleindikator: Utarbeide reiselivsplan med kvalitetssikra oppfølging**
Fylkestinget vedtok Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 – 2025 den 8. juni 2010. Hovudutval for plan og næring vedtok tillegg om privat hyttebygging den 7. september 2010.

STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: RAMMEVILKÅR/ ØKONOMI

- Ø1 Kritisk suksessfaktor: Samsvar mellom mål og rammer**

- Ø1-1 **Måleindikator: Oppfatta samsvar mellom mål og rammer**
Ja, stort sett - men på nokre område er ambisjonane i måla noko høge i høve til dei rammene som er til disposisjon. Ikkje minst med tanke på personalressursane er ambisjonane høgre enn den faktiske bemanninga.

- Ø2 Kritisk suksessfaktor: God økonomistyring**

- Ø2-1 **Måleindikator: Avvik i høve budsjett og årsrapport**
Nei, ikkje avvik i høve budsjett.

Hovudutval for plan og næring 2010 – vedlegg IV

- 1/10 Kristoffer Lehmkuhls Fond til fremme av Norsk Næringsliv Oppnemning
av styremedlem med varamann for perioden 2010-2012.
- 2/10 Innovasjon Norge - val av 2 medlemer til regionalt styre 2010-2011
Framlegg om 2 medlemer til hovudstyret
- 3/10 Budsjett 2010 - plan og næring
- 4/10 Skriv og meldingar
- 5/10 Fråsegn til jordbruksoppgjerset 2010
- 6/10 Føringar for verkemiddelbruk 2010 Innovasjon Norge
- 7/10 Omstillingsløyvinga 2010 Omstillingsstatus
- 8/10 Midlar og føringar til programstyra - 2010
- 9/10 Regionale utviklingsmidlar 2010 - fordeling I
- 10/10 Avtale med Norges Forskningsråd, Innovasjon Norge og Sogn og Fjordane
fylkeskommune om samarbeid i Sogn og Fjordane.
- 11/10 Tettstadforming - 2010
- 12/10 Skriv og meldingar
- 13/10 Handtering av lån gjeve til Luna Industri as
- 14/10 Søknad om støtte til Breibandforum og IT-Forum Sogn og Fjordane
- 15/10 Finansiering av VRI i Sogn og Fjordane for 2010
- 16/10 Føretaksmøtet Innovasjon Norge - val av utsending og varautsending
- 17/10 Går ut
- 18/10 Kommunale næringsfond - tildeling 2010
- 19/10 Reiselivstilbodet på Sognefjorden
- 20/10 Skriv og meldingar
- 21/10 Regionale utviklingsmidlar 2010 - fordeling II
- 22/10 Oppnemning av vararepresentant til generalforsamling i Botnaneset
Industriselskap A/S
- 23/10 Næringsfond for ungdom - avslutning av ordninga
- 24/10 Regionale utviklingsmidlar 2010 - fordeling III
- 25/10 Fråsegn - Forslag om endringar i FOR-1997-05-02-423 - Forskrift om
nydyrkning.
- 26/10 INU-FSF - årsrapport 2009 og handlingsplan for 2010-13
- 27/10 Kompetanse, rekruttering og likestilling i landbruket
- 28/10 Avtalar med reisemålselskapa 2010
- 29/10 Årsmelding 2009 - Hovudutval for plan og næring
- 30/10 Skriv og meldingar
- 31/10 Tilskot til tiltak innan vilt- og friluftsføremål
- 32/10 Fylkeskommunal eigendel 2010
- 33/10 Regionale utviklingsmidlar 2010 - fordeling IV
- 34/10 Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 - 2025.
- 35/10 Opprettig og kriteriar for Marint verdiskapingsfond i Sogn og Fjordane
- 36/10 Innspel til stortingsmelding om landbruks- og matpolitikken
- 37/10 Høyring - Forslag til endringar i lov om Innovasjon Norge.
- 38/10 Forskning og utvikling 2011 - 2014
- 39/10 Forslag til kandidat til valkomiteen for Innovasjon Norge sitt regionale
styre
- 40/10 Skriv og meldingar
- 41/10 Tertiアルrapport 1/10
- 42/10 Budsjett 2011/Økonomiplan 2011-14

- 43/10 **Regionale utviklingsmidlar 2010 - fordeling V**
44/10 **Løyving av tilskotsmidlar, Lokal Agenda 2010**
45/10 **Plan for rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane**
46/10 **Nasjonal satsing på Frisklivssentralar - fordeling av midlar**
47/10 **Skriv og meldingar**
48/10 **Søknad om overføring av konsesjonar for uttak av skjellsand i Bremanger og Askvoll.**
49/10 **Går ut**
50/10 **Søknad om delfinansiering av CONNECT Nordic Cleantech Partnerforum 2010**
51/10 **Retningsliner for breibandløftet fase 6**
52/10 **Tekst om privat hyttebygging i ny reiselivsplan**
53/10 **Skriv og meldingar**
54/10 **Førsteinstans - Handsaming av klage på vedtak frå programstyret Havbruk og fiskeri**
55/10 **Regionale utviklingsmidlar 2010 - fordeling VI**
56/10 **Sogn jord- og hagebruksskule - utgreiing om framtida for skulen**
57/10 **Tertialrapport 2/10**
58/10 **Budsjett 2011 / Økonomiplan 2011-2014 - prioriteringar på sektoren plan og næring - framlegg til budsjettekst**
59/10 **Skriv og meldingar**
60/10 **Fordeling av stimuleringsmidlar til vidareutvikling av frisklivstilbod i 2010**
61/10 **Søknad om prosjektmidlar til Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU)**
62/10 **Sogn og Fjordane som eigen forvaltningsregion i høve akvakulturlokalisering**
63/10 **Aksjekapitalutviding i Fjord Invest Såkorn as**
64/10 **Prosjekt Kommunal næringsutvikling**
65/10 **Regionale utviklingsmidlar 2010 - fordeling VII**
66/10 **Skriv og meldingar**
67/10 **Møteplan 2011 - Hovudutval for plan og næring**
68/10 **Omstrukturering av Botnaneset Industriselskap AS**
69/10 **Høyring - forslag til endring av forskrift om løyve til akvakultur for laks, aure og regnbogeaure (laksetildelingsforskriften).**
70/10 **Søknad om tilskot til sentrumsutvikling i Flora - Kommunedelplan for Florø sentrum**
71/10 **Tilskot til utbygging av kai Botnastranda**
72/10 **Informasjonscenter for sjøfuglvern på Værlandet**
73/10 **Regionale utviklingsmidlar 2010 - fordeling VIII**
74/10 **Forsking og utvikling - Utviklingsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Vestlandsforsking og Høgskulen i Sogn og Fjordane**
75/10 **Høyring - Evaluering av Selskapet for Industrivekst SF (SIVA)**
76/10 **Breibandløftet fase 6 - prioritering av søknader**
77/10 **Høyring av rapporten "Auka utvinning på norsk kontinentalsokkel"**
78/10 **Revisjon av retningsliner for kommunale næringsfond frå 1.1.2011**
79/10 **Ny reiselivsplan for Sogn og Fjordane - oppfølging av punkt 2 og 4 i fylkestingvedtaket**
80/10 **Politisk strategi for tildeling av akvakulturlokalitetar**
81/10 **Oppretting av tilskotsordning for miljøsertifisering**

- | | |
|-------|---|
| 82/10 | Budsjett 2011/Økonomiplan 2011-14 |
| 83/10 | Skriv og meldingar |
| 84/10 | Fylkespris til iderike bygder - 2010 |
| 85/10 | Sikkerheitssenteret i Måløy - ny satsing |
| 86/10 | Vindkraftforum Sogn og Fjordane - stifting av medlemsforeining |



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 30 20
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no